

Årsmelding 2023

FJALER KOMMUNE



INNLEIING	4
1.1 Kommunedirektøren si oppsummering av 2023	4
1.2 Føremålet med årsmeldinga	5
1.3 Organisering	5
1.4 Etikk	7
1.5 Kvalitet og internkontroll	7
2 HOVUDMÅL OG UTVIKLING	10
2.1 Hovudmål Fjaler kommune	10
2.2 Befolkningsutvikling	10
2.3 Sysselsetjing	11
2.3 Klima og miljø	12
4 LIKESTILLING OG INKLUDERANDE ARBEIDSLIV	17
2.1 Helse, Miljø og Tryggleik (HMT)	17
2.2 Sjukefråvær	19
2.3 Likestilling	21
2.4 Utfordringar frlover og fokusområde 2024	23
5 ØKONOMI	25
4.1 Netto driftsresultat	25
4.2 Løn i av brutto driftsinntekter	26
4.3 Langsiktig gjeld	26
4.4 Disposisjonsfond	27
4.5 Regnskapsprinsipp	28
4.7 Hovudoversikt drift	29
4.8 driftsinntekter	30
4.9 Driftsutgifter	30
4.10 Finanstransaksjonar	32
4.11 Gjeld og utlån	32

4.12 Investering	34
5 ÅRSMELDING FRÅ SEKTORANE	35
5.1 Oppvekst	35
5.2 Helse og omsorg	44
5.3 Tekniske tenester	54
5.4 Fellestenester og landbruk	61
5.5 Kultur og samfunnsutvikling	67

Innleiing

1.1 Kommunedirektøren si oppsummering av 2023

2023 har vore eit krevjande år for Fjaler kommune – særleg med omsyn til økonomiske problemstillingar.

I budsjettet for 2023 vart det lagt opp til ei innsparing gjennom saldering av budsjettet med 4,5% eller kr 17,5 mill samt ytterlagere kr 7,5 mill frå disposisjonsfondet for å dekke underdekning i budsjettet. Resultatet (netto driftsresultatet) for 2023 enda på kr -11,46 mill, som er noko betre enn prognosen ved slutten av året. Samtidig er det ein del over det som var lagt til grunn i budsjettet for 2023.

Hovudutfordringar for Fjaler kommune er høg gjeld kombinert med kraftig auke i renta, løns- og prisvekst utover det som var forventa, høge krav til driftsreduksjonar, fleire fordyrande tiltak, rettingar i budsjettet og rekrutteringsproblem som er løyst med konsulentar. Vi har òg noko høgt sjukefråvær/korttidsfråvær.

I årsrapporten vil de finne informasjon om kva som har vore viktig i året som gjekk, ressursituasjonen og utfordringar framover.

Sjølv om Fjaler kommune har økonomiske utfordringar, er det mykje positivt å rapportere om drift og kvaliteten på tenestene. Kommuneindeksen (til Agenda Kaupang), som er ein grundig måling av kvalitet og kostnadseffektivitet viser at Fjaler kommune leverer effektive tenester, med god kvalitet til lågare kostnader enn kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

Etter å har besøkt personalet/delteke i personalmøte i dei fleste einingane før jul, er eg tilfreds med å sjå at det blir jobba veldig godt i einingane og at Fjaler kommune har mange tilsette som trivast godt i jobben.

Dette blir viktig å ha med seg inn i 2024 og åra som kjem i arbeidet med å gjere godt arbeid endå betre. I dette ligg det - å ta ned driftsnivået, omstille drifta for å møte auke i tal eldre, behalde tilsette, lykkast med rekruttering, og få ein på plass berekraftig økonomi som gjer oss i stand til å gjennomføre både dei investeringane vi «må» gjennomføre og dei vi «ynskjer» å gjennomføre dei neste 10-15 åra.

I 2024 er målet å få større merksemd på kva som må til for å få til god verksemdstyring. Vi kjem til å gjennomføre grundige analysar for å finne potensiale til kor vi kan bli betre. Det blir lagt opp til stor grad av involvering og medverknad, både internt i organisasjonen og med involvering av folkevalde. Felles oppfatningar av verkelegheit er avgjerande for å kome fram til god løysingar. I løpet av året så skal det vedtakast ein ny planstrategi – plan for kva planar vi skal jobbe i planperioden. Dette er viktig med omsyn til å til ei god utvikling av Fjaler-samfunnet.

Det er lite tvil om at dette blir utfordrande, men vi har gode føresetnader for å lykkast. Vi startar opp arbeid mens vi framleis har midlar på disposisjonsfondet, det er god kvalitet på tenesteproduksjonen som er viktig grunnlag for å lykkast og lojale og innsatsvillige tilsette med gode haldningar og motivasjon.

1.2 Føremålet med årsmeldinga

Kommunen utarbeider kvart år rekneskap og ei skriftleg melding om kommunen si drift. Dokumenta skal syne korleis pengane er blitt nytta, samt ein oversikt over kva kommunen har oppnådd i året som gjekk.

Årsmeldinga skal føreligge til handsaming samstundes med kommunerekneskapen, og skal fremjast for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Årsmeldinga skal gje god informasjon til politikarane, innbyggjarane, offentlege instansar og andre som syner interesse for kommunen si drift.

I årsmeldinga skal det gjevast opplysningar om resultat av aktiviteten, forhold som er viktige for å kunne vurdere kommunen sin økonomiske stilling og andre viktige forhold. Årsmeldinga skal også vere ei evaluering av mål-oppnåing i økonomiplanen. Gjennom årsmeldinga er det også naturleg å sjå framover og legge føringar på ein del områder

Årsmeldinga er den viktigaste attendemeldinga kommunedirektøren gir til kommunestyret


1.3 Organisering

Administrativt er Fjaler kommune organisert etter ein 3-nivå modell med underliggende tenesteeiningar i tillegg til støtte- og stabseiningar. Dette legg føringar for korleis vi organiserer tenestene av omsyn til møter og rapporteringsstruktur.

Fjaler kommune er delt inn i følgjande rammeområder:

- Fellestenester og landbruk
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Teknisk
- Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
- Finansielle føremål

Kommunedirektøren si leiargruppe består av 4 kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef.



1.4 Etikk

Fjaler kommune legg stor vekt på å drive ærleg og ha opne tilhøve i all si verksemd. Alle tilsette har ansvar for å etterleve dette.

Kommunen forvaltar samfunnet sine felles midlar og utøver mynde på eit breidt felt. Det verdt derfor sett sær s høge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar i si utøving av arbeid for kommunen.

Alle tilsette er Fjaler kommune sine representantar utad. Medarbeidarane skal vere merksame på at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldningar til kommunen. Dei skal difor ta aktivt avstand frå, og kjempe mot ein kvar uetisk forvaltningspraksis.

Det betyr at alle pliktar lojalt å halde dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen. Dette inneber òg at alle er lojale mot administrative og politiske vedtak.

Kommunen sine etiske retningsliner er vedteke av kommunestyre . Denne formulerer kva forventningar som blir stilt til kommunen sine tilsette.

Arbeidet med å revidere arbeidsgivarpolitikk og etisk retningsliner vil bli starta opp i løpet av planperioden.

Det krev merksemd og opplæring å bli klar over etiske dilemma og jamnleg trening for at alle tilsette arbeider i samsvar med den etiske standarden.

Kommunen har ulike prosessar for å sikre at dei tilsette har føresetnad for å leve opp til den etiske standarden. Dette er alt frå årleg gjennomgang i fellesmøte til del av introduksjonsprogram for nytilsette. I løpet av 2024 vil kommunen ta i bruk eit nytt kvalitetssystem der lesebekreftelse av dokument vil gje informasjon om at tilsette har lest gjennom gjeldande retningsliner.

I leiinga sin årleg gjennomgang og i kommunedirektøren sitt svar til revisjon på forhold til risiko, misleghald og etikk eit viktig tema.

Arbeidet med etikk og etiske refleksjon heng tett i hop med yringsklima i organisasjonen. Tilsette får opplæring i og blir oppmoda om å melde frå om uønska hendingar og avvik.

1.5 Kvalitet og internkontroll

Kommunelova stiller krav til kommunen sin internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt. Etter §25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og fylgje opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

I praksis handlar internkontroll om utvikling av god kvalitet i tenestene, om å ha *kultur og system* for læring og forbetring. Kommunen si elektroniske kvalitetshandbok er eit reiskap for å oppnå dette,.

Her får tilsette tilgang til lovverk, interne rutinar og retningslinjer, melding av avvik og vurdering av risiko. SySIKT-kommunane har gått til innkjøp av nytt felles kvalitetssystem som vert teke i bruk i 2024.

Strategisk mål – alle sektorar	Styringsindikator	Resultat	
		2022	2023
Positiv avvikskultur	Tal meldte avvik, alle område	239	320
Gjennomførte ROS-analysar	Tal ROS-analysar, alle områder	11	8

Merknad til strategiske mål – avvik: Tilsette melder avvik innan områda: Fagleg kvalitet, HMT, Legemiddel og Ikt og informasjonstryggleik. Måltal var 270 avvik og dermed nådd. Helse og omsorg har ein 25% auke i meldte avvik, medan Oppvekst har ein tilsvarande nedgang med 19%. Andre sektorar er stort sett uendra.

Merknad til strategiske mål – ROS analysar: Måltal var 8 analysar for 2023 og dermed nådd. Kompetansen om metodikken for gjennomføring av risikoanalysar er aukande i organisasjonen.

Gjennomførte tiltak 2023

- Kommunen sin heilskaplege ros-analyse var ferdigstilt juni -23
- 73 tilsette har gjennomført opplæring for meldarar og behandlarar av avvik
- Kvalitetsgruppa har hatt 5 møter og handsama 32 saker.

Interne revisjonar og interne tilsyn 2023

Område	Tema	Resultat/status for oppfølging
Kommunedirektøren	Leiinga sin årlege gjennomgang av internkontrollen	Eigen rapport som vert følgt opp ved ny revisjon i 2024
Kommunalsjef helse og omsorg	Internt tilsyn med ekstern leverandør av helsetenester	Eigen rapport som vert følgt opp ved ny revisjon i 2024
Alle sektorar med særskilt brannobjekt	Branntilsyn alle § 13 bygg	Fleire avvik. Eigen rapport for det enkelte bygg som vert følgt opp i løpet av 2024.
Kommunalsjef oppvekst	Tilsyn med Våge skule og Våge bhg. etter krav i forskrift om miljøretta helsevern, for godkjenning.	Våge skule og barnehage er godkjent etter forskrifta. Ingen avvik, men merknader til oppfølging.
Kommunalsjef oppvekst	Tilsyn med Dingemoen skule etter krav i forskrift om miljøretta helsevern, for godkjenning .	Dingemoen skule er godkjent etter forskrifta. Ingen avvik eller merknader til oppfølging
Kommunalsjef oppvekst	Tilsyn med Flekke skule og bhg. etter krav i forskrift om miljøretta helsevern, for godkjenning .	Flekke skule og bhg. er godkjent etter forskrifta. Ingen avvik eller merknader til oppfølging.

Eksterne tilsyn og forvaltningsrevisjonar 2023

Tilsynsmynde	Sektor/Tema	Resultat/status for oppfølging
Arbeidstilsynet	Administrasjonen: Kontroll med løns- og arbeidsvilkår i inngåtte kontraktar.	Brot på regelverk og vedtak om pålegg 03.01.24 Frist for lukking 15.03.24
Mattilsynet	Teknisk/VA: Tilsyn med drikkevass-basseng	Brot på regelverk og vedtak om pålegg 08.09.21 Ingen frist for lukking (20/1788 – 7)
Mattilsynet	Helse og omsorg/Fjaler sjukeheim: Inspeksjon etter matlova §23	Ingen avvik, men merknader som vart føljt opp 28.08.23
Vestland revisjon	Helse og omsorg/Miljøtenesta: Forvaltningsrevisjon, tenester til funksjonshemma	Oppstart av revisjon 08.12.23.
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/NAV: Tilsyn med oppfølging av krava i arbeidsmiljø-lova om førebygging av psykiske plager	Brot på regelverk og vedtak om pålegg 10.10.22 Frist for lukking 02.05.24
Arbeidstilsynet	Helse og omsorg/heimetenesta: Tilsyn med krav i arbeidsmiljølova om førebygging av psykiske plager, muskel og skjelettplager	Brot på regelverk og vedtak om pålegg 07.12.23 Frist for lukking 01.05.24
Vestland revisjon	Forvaltningsrevisjon: HAFS Barnevernsteneste	Oppstart av revisjon 16.12.22. Frist for oppfølging av tilrådingar innan mai-24

Planlagde tiltak og mål 2024

- Overføring av om lag 1000 dokument, lukking av avvik og gjennomføring av tiltak knytt til avviksmul og ros-analysemodul ved utfasing av no-verande kvalitetssystem
- Implementering av nytt elektronisk kvalitetssystem med modular; avvik og skade, dokumentstyring og risikoanalyse.
- Foreldreundersøking i barnehagar (utsett frå 2023) og Bruk av multidose i helse og omsorg (utsett frå 2023)
- Medarbeiderundersøking 10-faktor

Strategisk mål – alle sektorar	Styringsindikator	MÅL 2024
Positiv avvikskultur	<i>Tal meldte avvik, alle område</i>	350
Gjennomførte ROS-analysar	<i>Tal ROS-analysar, alle område</i>	5

2 Hovudmål og utvikling

2.1 Hovudmål Fjaler kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i 2014 har følgjande mål for samfunnsutviklinga i Fjaler:

Overordna mål:

Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområde.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyisingar (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

2.2 Befolkningsutvikling

Grunnkrets	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2022-2023	Endring 10 år
Flekkje - Espedal	477	464	469	486	455	442	463	533	547	566	19	89
Hovlandsdal	55	55	51	47	48	48	53	50	41	40	-1	-15
Guddal - Heggheim	116	115	115	112	111	102	108	106	114	119	5	3
Øvre Vassdalen	70	69	65	64	66	66	66	63	56	57	1	-13
Nedre Vassdalen	190	180	184	183	184	167	158	155	148	142	-6	-48
Bjerga - Bortheim - Jarstad	516	519	515	530	549	528	526	521	526	532	6	16
Dale - Sletteland	474	472	484	500	507	523	525	521	532	541	9	67
Sagevik - Yksnebjør	263	274	300	300	303	284	300	312	326	321	-5	58
Fure	87	89	86	81	72	67	60	68	67	66	-1	-21
Folkestad	76	71	72	71	71	73	70	80	72	70	-2	-6
Våge	198	197	189	188	186	189	188	193	193	192	-1	-6
Lone	118	118	114	119	119	120	117	112	112	100	-12	-18
Gjøllanger	154	149	140	144	138	127	129	130	128	131	3	-23
Tyssedal	37	36	35	32	35	32	38	40	39	36	-3	-1
Uoppgitt grunnkrets	22	15	11	5	2	2	1	1	.	-	-	
Sum	2853	2823	2830	2862	2846	2770	2802	2885	2901	2913	12	60

Kjelde ssb tabell 04317 befolkning etter grunnkrets, statistikkvariabel og år

Fjaler kommune har positiv folketalsutvikling frå 2022 til 2023, men det som er ekstra gledeleg er at dersom vi ser folketalutviklinga over ein periode på 10 år har vi ein auke i folketalet på 2,1%. Trenden er at vi har vekst i området Dale og Flekke medan utkantane i kommunen har folketalsnedgang.

Vi har ikkje måloppnåing i høve samfunnsdelen sitt ambisjose mål om ein folketalsauke på 15% innan 2025. Vi har heller ikkje veksten innanfor aldersgruppa 20-40 år.

Alder	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023 k1	Endring 2014-2023
0 år	29	13	19	25	27	21	25	21	30	28	-1
1-5 år	181	182	171	155	150	135	134	138	132	148	-33
6-12 år	241	233	242	253	251	259	261	260	260	255	14
13-15 år	71	88	90	111	108	116	111	98	97	93	22
16-19 år	278	251	261	253	241	234	248	306	326	327	49
20-44 år	763	766	752	780	767	728	721	749	753	761	-2
45-66 år	761	763	746	744	748	726	729	715	709	701	-60
67-79 år	344	351	369	369	386	397	408	427	421	425	81
80-89 år	152	150	146	139	135	130	140	147	151	155	3
90 år eller eldre	33	26	34	33	33	24	25	24	22	20	-13
Sum	2853	2823	2830	2862	2846	2770	2802	2885	2901	2913	60

Kjelde ssb tabell 07459: Befolkning etter reion, alder og år

I perioden 2014-2024 har vi hatt ein auke i folketalet på 60 personar, men utfordringa er at auken er komt i aldergruppa 67+. Dette er ikkje uventa, og er ein nasjonal trend, men utkantkommunar som Fjaler opplever det i høgere grad enn større kommunar der ein har meir tilflytting. Denne trenden kjem til auke og ut frå befolkningsprognosen når «eldrebølga» sin topp i Fjaler i år 2038. Det betyr at vi framover må planlegge for eit auka hjelpebehov i denne aldersgruppa og vri ressursbruken frå oppvekstsektoren over til eldreomsorg. Dette er ei vanskeleg øving, vi opplever i dag at behovet også innafor denne sektoren er aukande.

2.3 Sysselsetjing

Næringskode	2019	2020	2021	2022	2023
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	112	122	124	117	97
05-43 Sekundærnæringer	166	192	202	225	231
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	422	355	360	334	337
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	61	53	52	57	45
85 Undervisning	201	195	187	192	201
86-88 Helse- og sosialtjenester	381	363	392	411	414
90-99 Personlig tjenesteyting	22	25	23	23	30
00 Uoppsett	12	10	4	6	4
00-99 Alle næringer	1377	1315	1344	1365	1359


Kjelde ssb tabell 13472: Sysselsatte per 4Q etter næring/arbeidssted (SN2007)

Vi har auke i antal arbeidsplassar frå 2022-2023. Auken er fordelt på fleire næringsområder. Vi har nedgang i arbeidsplassar knytt til jordbruk og offentleg administrasjon.

11616: Sysselsatte per 4. kvartal, etter statistikkvariabel, region, alder og år

Kolonne1	2020	2021	2022	2023
Personer som pendler inn i regionen	367	380	405	406
Personer som pendler ut av regionen	403	394	400	392
Sysselsatte personer med arbeidssted i regionen	1316	1345	1366	1361

11616: Sysselsatte per 4. kvartal, etter statistikkvariabel og år. Fjaler, 15-74 år.




Fjaler produserer fleire arbeidsplassar enn det er sysselsatte innbyggjarar i kommunen, dette ser ein i tabellen over, det er fleire som pendlar inn til kommunen enn som pendlar ut. Årsaka er nok at Fjaler har fleire store «bedrifter» som tilbyr kompetansearbeidsplassar som td. Dale vidaregåande skule, Rehabiliteringssenteret på Haugland og UWC.

2.3 Klima og miljø


I samband med handsaminga av årsmelding 2015 vedtok kommunestyret i sak 54/16 at framtidige årsmeldingar og tertialrapportar skal innehalde ei vurdering av måloppnåing i høve måla i Fjaler kommune sin kommunedelplan for energi, klima og miljø. Planen vart vedteken 14.06.2010, og har ikkje vore revidert etter den tid. Planen skulle reviderast i 2021, men arbeidet er ikkje kome skikkeleg i gang grunna prioritering av mellom anna kommuneplanen sin arealdel. Ein har likevel delteke aktivt i fylkeskommunen sitt klimanettverk samt søkt og fått innvilga tilskot til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for planarbeidet.

Planen inneheld 6 overordna hovudmål og ein handlingsplan for perioden 2010-2014 som også inneheld delmål og prioriterte tiltak. Vurderingane nedanfor byggjer på hovudmåla i planen og tiltak som er sette i verk når det gjeld delmåla. Mange tema kan vere vanskelege å vite måloppnåinga på, men er arbeid/tiltak som vil gå kontinuerleg og involvere alle einingar i den kommunale drifta.

Mål 1- Redusere utslippet av klimagassar



Grafen i figur 1 viser direkte klima-utslipp i Fjaler for 2021, fordelt på utslippskilder. Data for 2022 eller 2023 er ikke tilgjengelige enda. Dagens klima-utslipp kan gi en indikator på hvor stor reduksjonen av utslipp kan bli. Grafen til høyre i figur 1 viser reduksjonen som må gjennomføres for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av de nasjonale målene om reduksjon av klimagassutslipp.



Det er i dag ingen oljefyringsanlegg i bruk i kommunale bygg, og fra 2020 skal oljefyringsanlegg fasast heilt ut.

Kommunen har starta arbeidet med å skifte ut leasingbilar med kun forbrenningsmotorar. I 2020 – 2023 er fleire av bilane skifta ut og erstatta med elbilar og nokre hybrid. Ved utskifting av leasingbilar etterkvart som leasingavtalane går ut framover vil ein i skifte til elbilar og ladbar hybrid der elbil ikkje er optimalt for drifta. Det er ved kommunale bygg etablert 5 nye ladepunkt i 2020, 4 i 2021, 4 til i 2022 4 nye i 2023 i tillegg til at det er tilrettelagt for ladepunkt ved fleire offentlege parkeringsplassar.

Felleskøyning til kurs og møter blir brukt så langt det passar og i både 2020 og 2021 har det vore mykje mindre reiser enn elles grunna Korona restriksjonar. Fysiske møter og samlingar er erstatta med digitale møter som har gitt ein stor nedgang i tal reiser samt gitt innsparte arbeidstid som tidlegare gjekk vekk i reisetid. Fysiske møter har igjen auka i 22/23, digitale møter og webinar har auka vesentleg siste åra.

Informasjonsarbeidet om energi, klima og miljø til innbyggerane i kommunen kunne heilt klart vore betre, men ein registrerar at fokus på klima og miljø er aukande.

Mål 2- Redusere den kommunale energibruken

I dei seinare åra har det over investeringsbudsjettet vore avsett pengar til oppgradering/ombygging av større kommunale bygg. I hovudsak har pengane vore brukte til utbetring av inneklimate, meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak for å redusere energibruken. Nokre av tiltaka får vi Enova-støtte til. Målsettinga i planen er minst 10% reduksjon i energibruken i kommunale bygg i forhold til registrert forbruk i 2008. Tabellen nedanfor viser KOSTRA-rapportert energiforbruk for Fjaler kommune sine administrasjonsbygg, førskulebygg (barnehagar), skulebygg, institusjonsbygg, idrettsbygg og kulturbygg.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Samla årsforbruk i kWt	3 019 876	3 017 885	2 960 198	2 891 479	3 017 373	2 683 000

Årsvariasjonar kan ha naturlege forklaringar som for eksempel kalde/milde vintrar. Som det går fram av tabellen ovanfor har straumforbruket vore aukande, frå vi starta med KOSTRA-registreringane i 2013 og fram til 2017. KOSTRA-tala viser ein reduksjon i samla årsforbruk frå 2017 til 2018 og vidare liten reduksjon i 2019 og vidare i både 2020 og 2021 noko som viser at ein er på rett veg. Energibruken pr m2 for kommunale bygg var er redusert frå 151 til 140 kWh i 2018, som gjeve ein prosentvis reduksjon på 7,3 %. For 2019 var energibruken litt aukande til 142 kWh pr m2 og i 2020 er den ytterlegare redusert til 137 kWh pr m2. Straumforbruket har gått noko opp igjen for 2022, medan det igjen er redusert for 2023.

Fjaler sjukeheim har fått ny varmesentral som vart sett i drift i november 2018. Ein har skifta ut eksisterande løysing var el-kjele og radiatorar. Ny løysing er borehol, varmepumpeteknologi, radiatorar og eit betre styringssystem. Dette vil redusere energikostnadane vesentleg og effekten vil komme betre fram når anlegget har vore i drift over tid.

I Yksnebjør nye barnehage er det borehol, varmepumpe og vassboren golvvarme. Opplegget har kapasitet til også å dekke det eldste bygget.

Nybygg som Våge barnehage, Dingemoen skule og beredskapsbygget er alle bygd etter gjeldande energikrav med energieffektive anlegg og løysingar som bidreg til reduksjon av energibruken. Dingemoen skule er i energiklasse A.

Når det gjeld kommunale veglys har ein hatt ein utskiftingsfase av armatur/lyskjelder og nesten alle er no utskifta til led-lys. Overgangen til LED-lys medfører at effekten vert redusert frå ca 150W pr lampe til ca 38W pr. lampe. Totalt har kommunen 450 veglys. I 2017 vart ca 50% av desse skifta til armatur med LED-lys og no i 2023 nesten alle armatur utskifta. Straumutgiftenen er som følgje av utskiftninga redusert med over 40% dei siste tre åra.

Mål 3- Innføre tiltak som medfører auka lokal produksjon av fornybar energi

Fjaler kommune sine overordna planar legg til rete for utbygging av mindre vasskraftanlegg, men desse anlegga treng handsaming og løyve etter anna regelverk. Vindparken på Lutelandet vart utbygd i 2021 og produksjonen av straum starta opp på slutten av året.

Mål 4- Stogge eller redusere alle former for utslepp som er til skade eller ulempe for miljøet


Gjennom Sunnfjord Miljøverk sine gjenvinningsstasjonar har både privatpersonar og firma tilbod om å kvitte seg med vanleg avfall og farleg avfall. Sunnfjord miljøverk vedtok i 2018 innsamling av plast med oppstart frå 01.01.2019. Innsamling av matavfall har oppstart i februar 2023.

Når det gjeld kloakkanlegga i kommunen kan det vere stor variasjon i standard og funksjon. Feil og manglar på private anlegg vert rapportert til kommunen av firmaet som utfører slamtømming, og kommunen må følgje opp. Dei største kommunale anlegga har reinseanlegg (Dale sentrum og Haugland). Dei mindre kommunale anlegga har slamutskiljing og sjøresipient. Avfallsbrenning i omnar og ute i det fri er truleg av svært lite omfang. Utslepp frå eldre vedomnar er eit større miljøproblem, men ein registreristrar at det er ein jamn utskifting til meir miljøvenlege omnar i private hushaldningar.

Innsamling av plast har og hatt stort fokus og det er med på sette fokus på både reduksjon i forbruk og ulemper og skader for miljøet.

Mål 5- Redusere avfallsmengdene

Sunnfjord Miljøverk sine årsmeldingar har vist ein reduksjon i levert avfall frå husholdningane. Samtidig har det vore ein auke i levert avfall til gjenvinningsstasjonane i området. Fokuset på energi, klima og miljø dei siste åra viser i form av ein sakte reduksjon i avfallsmengd og sortering av avfall.



Mål 6- Planleggje og setje i verk tiltak for å redusere skaderisikoen ved eventuelle klimaendringar

Dei siste åra har det vore stort fokus på samfunnssikkerheit og konsekvensar som følgje av klimaendringar og ekstremvær. I all arealplanlegging, søknader om frådelling av tomtar og byggesakshandsaming er ras, flaum og havnivåstigning sentrale tema. I planprosessar skjer dette gjennom ROS-analysar og konsekvensutgreiingar. Kommunen har gjennomført fleire naturfarekartlegging dei siste åra og naturfare er eit viktig tema både i plan- og byggjesaker. Faresoner og aktsemdsoner vil bli innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen sin overordna beredskapsplan inneheld også tiltak som følgje av ekstremvær og andre naturgitte hendingar. Ei utfordring framover vil vere å handtere aukande nedbørsmengder generelt, og intens nedbør over kort tid spesielt. Handtering av overflatevatn må og vil få auka fokus framover.

Konklusjon:

Det er framleis eit stykke igjen for å nå måla i kommunen sin energi-, klima- og miljøplan, men tal frå dei siste åra viser at ein er på rett veg. Når det gjeld energibruk i kommunale bygg har det skjedd ein god del dei siste åra og tala viser no ein reduksjon i energiforbruket dei siste åra, noko som er svært bra. Det meste som vedkjem energi, klima og miljø er langsiktig og kontinuerleg arbeid som grip inn i all kommunal tenesteproduksjon

4 Likestilling og inkluderande arbeidsliv



2.1 Helse, Miljø og Tryggleik (HMT)

Saman med tilsette og tillitsvalde har arbeidsgjevar plikt til å arbeide systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. arbeidsmiljølova [§ 3-1](#) og [internkontrollforskrifta](#).

Mål, plan og organisering av HMT arbeidet i Fjaler kommune

Fjaler kommune skal vere ein trygg og god arbeidsplass med lite risiko for helseskadar, stor grad av nærvær og høg grad av arbeidsglede og trivsel.

- Alle tilsette i Fjaler kommune skal bidra til eit positivt og godt arbeidsmiljø gjennom si åtferd.
- Alle tilsette skal ha grunnleggjande kunnskap om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid.
- Ingen tilsette skal bli utsatt for arbeidsulykker eller pådrar seg helseskader under utøvelse av tjeneste i kommunen.
- Ingen tilsette skal bli utsatt for mobbing, trakassering, vald og truslar.
- Fjaler kommune skal ha trygge tilsettingsforhold og ein meningsfylt arbeidssituasjon for den einskilte.
- Fjaler kommune skal vurdere korleis ein kan legge til rette for fysiske aktivitet i arbeid, jmf AML § 3.4.
- I 2023 skal leiarar og verneombod ha faste kvartalsvise møte

Det samla nærvær i Fjaler kommune skal som ein konsekvens aukast til over 93 % i løpet av 2023.

For å nå HMT mål er det utarbeida overordna HMT plan for Fjaler kommune og ein samarbeidsplan med Bedriftshelsetenesta (BHT). Einingane har ansvar for å utarbeide sine egne planar for å nå HMT mål.

Ansvar for det systematiske HMT-arbeidet er eit leiaransvar på alle nivå ([AML §2.2](#)). HMT-sakar skal løysast på lågast mogleg nivå for å få mest mogleg lokal medverknad frå dei tilsette ([AML §2.3](#)). Alle tilsette pliktar å delta i det organiserte verne- og miljøarbeidet, samt å sjå til at [internkontrollforskrifta](#) vert halden.

Gjennomførte HMT aktivitetar i 2023

- Vernerunde i alle einingar/ avdelingar i Fjaler kommune
- Risikovurdering psykiske plager i NAV

- Risikovurdering vald og truslar i NAV
- AMU møter
- Verneombod samlingar
- Faste møter mellom Hovudverneombod (HVO) og personalsjef
- Møte mellom leiar og verneombod (Vo)
- Registrering av kjemikalie i Eco online
- Opplæring i avvikshandtering
- HMT opplæring for nye verneombod (40 t kurs)

Fjaler kommune fekk bistand frå Bedriftshelsetenesta (BHT) til gjennomføring av:

- Støykartlegging SFO Dingemoen skule
- Helsekontroll av reinhaldarane i Fjaler kommune
- Helsesertifisering Røykdykkarar
- Inneklimamåling HAFS Barnevernsteneste
- Støttesamtalar tilsette
- Arbeidsplassvurdering

I tillegg har bedriftshelsetenesta bistått Fjaler kommune med råd og veiledning innan HMT.

Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Fjaler kommune består av totalt 6 medlemmar. I tillegg er Bedriftshelsetenesta (Avonova) med i AMU.

I Fjaler kommune er det kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg som er faste arbeidsgjevarrepresentantar i AMU då dei representera dei to største einingane i kommunen.

I 2023 har arbeidsmiljøutvalet hatt følgjande medlemmar:

Arbeidsgjevar representantar:

- Kommunalsjef Oppvekst. Vara kommunalsjef Teknisk.
- Kommunalsjef Helse og Omsorg (leiar AMU), Vara Kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling.
- Wenche Elveter, Personalsjef (sekretær i AMU)

Arbeidstakarrepresentantar:

- Utdanningsforbundet. Vara NSF.
- Fagforbundet. Vara Delta.
- Petter Hagenlund, Hovudverneombod (HVO). Vara Kristin Rivedal Yndestad

Bedriftshelsetenesta (BHT) Marita Lavik/ Solrunn Senneset

Arbeidsmiljøutvalet gjennomførte fire møte i 2023. Ei oversikt over sakene som ein har behandla i AMU i 2023 finn ein i tabellen under. I tillegg til desse sakene var det diverse informasjonsaker.

AMU møte - Tema	Tal saker
Organisasjon <ol style="list-style-type: none"> 1. Gjennomgang av vernerundar 2023 2. Inndeling av verneområde i Fjaler kommune 	8 (14)

AMU møte - Tema	Tal saker
3. Støykartlegging SFO Dingemoen Skule 4. Rapport etter helsekontroll reinhaldarar 5. Rapport sjukefråvær 2023 6. Rapportering HMT avvik, småskadar og skadar 2023 7. Årsrapport 2023 Bistand frå Avonova Bedriftshelseteneste 8. Årsrapport AMU 2022	To av sakene blir rapportert i kvart AMU
Planar og rutinar 1. Overordna HMT plan for Fjaler kommune 2023-2025 2. Samarbeidsplan Avonova Bedriftshelseteneste 2023 3. Overordna handlingsplan for sjukefråværsarbeid i Fjaler kommune i 2023 4. Rutine faste møter vo og leiar	4
Byggesaker Ingen saker	0
Anna Langturnus/ medlevertturnus BPA4 og Miljøtenesta.	1

2.2 Sjukefråvær


Det totale sjukefråværet i Fjaler kommune

Det totale sjukefråværet (eigenmeldt og legemeldt) i Fjaler kommune i 2023 var på 9,51% og auka med 0,1% samanlikna med 2022. Det høgste fråværet finn vi i Helse og omsorg (11,77%) og i Oppvekst (8,13%).

Utvikling i sjukefråværet i Fjaler kommunen i perioden 2021- 2023

Fjaler kommune	År	Sjukefråvær
Fjaler kommune	2023	9,51%
Fjaler kommune	2022	9,41%
Fjaler kommune	2021	7,2 %

Sjukefråvær i Fjaler kommune for perioden 2021 - 2023



I Framsikt rapportera ein på korttid, langtid og samla fråvær og ein skil heller ikkje lenger mellom eigenmeldt, legemeldt 1-16 dagar, legemeldt 17-56 dagar eller over 57 dagar.

Sjukefråvær i Fjaler kommune i 2023

Arbeidsstad	Korttid	Langtid	Totalt fråvær
Fjaler kommune	2,64%	6,87%	9,51%
Forvaltning og fellstenester	1,37%	1,85%	3,22%
Kultur og samfunnsutvikling	1,63%	5,85%	7,48%
Oppvekst	2,91%	5,22%	8,13%
Helse og omsorg	2,56%	9,21%	11,77%
Teknisk	2,52%	4,56%	7,09%
1.Tertial 2023	2,99%	7,14%	10,13%
2.Tertial 2023	1,35%	6,49%	7,83%
3.Tertial 2023	3,06%	6,80%	9,86%

I årsmeldinga i 2022 rapporterte vi på kvartal og kommunen var delt inn i fire einingar. I 2023 har vi gått over til rapportering i Framsikt, der det vert rapportert per tertial og eingane Forvaltning og fellestenester, Kultur og samfunnsutvikling blir rapportert på kvar for seg.

Fråværet for 2023 i einingane Helse og omsorg og Oppvekst er forholdsvis like samanlikna med 2022, men desse sektorane hadde ei stor auke i sjukefråværet frå 2021 til 2022, og då spesielt langtidsfråværet. I 2022 var Integreringstenesta ein del av sektoren Oppvekst.

Teknisk sektor hadde eit høgt sjukefråvær i 2021, fekk redusert det i 2022 og har kunn ein liten auke i 2023.

Eininga Kultur og samfunnsutvikling har ei markant auke i fråværestal i 2023. Frå 2023 er Integreringstenesta flytta frå Oppvekst til Kultur og samfunnsutvikling, og dette er med på å forklare den store auka i sjukefråvær på eininga. For meir informasjon, sjå sektorvis rapportering på sjukefråvær i denne årsmeldinga.

Legemeldt frávær i kommunesektoren og i Fjaler kommune

SSB sin sjukefráværstatistikk i kommunesektoren viser eit samla legemeldt frávær på 7,53 % for 2023. Fjaler kommune sitt legemeldte frávær i 2023 var på 6.6 %.

Tabellen under viser legemeldt frávær per år sidan 2021. Tala viser at Fjaler kommune gjer det betre alle år i forhold til landsbasis, men at vi har hatt ei større auke i perioden 2021 -2023 (0,82%) enn landsbasis (0,15%).

Legemeldt frávær År	Fjaler kommune	Kommunesektoren
2023	6,6%	7,53%
2022	6,78%	7,45%
2021	5,78%	7,38%

Inkluderande arbeidsliv

Fjaler kommune tek jamleg i mot praksiskandidatar og andre som ønskjer arbeidstrening, og legg godt til rette for arbeidstrening for menneske med ulike typar funksjonshemmingar ved behov.

2.3 Likestilling

Likestilling

Fjaler kommune sin visjon er eit ope samfunn, denne visjonen vert og lagt til grunn i arbeidsgjevarpolitikken. Vi skal opplevast som ein arbeidsgjevar som er romsleg når det gjeld tilrettelegging og inkludering.

Likeløn

Gjennomsnittsløna utan funksjonstillegg var kr 551.271 for alle tilsette i Fjaler kommune i 2023. Kvinnelege tilsette hadde ei gjennomsnittsløn på kr 546.347, medan mannlege tilsette hadde ei gjennomsnittsløn på kr 567.156. Det er ei auke på 6,7% samla og ei auke på 5,9% for kvinner og 9% for menn frå 2022. Dersom ein tar ut statistikk på mannlege tilsette minus kommunedirektør, er gjennomsnittsløna på kr 551.084 og auke i løn frå 2022 til 2023 er på 6,4%. Sidan vi i prosent er få menn vil endringar gje større utslag for menn enn for kvinner. Tal frå SSB viser at samla auke for kommuneforvaltninga var 6,7% og at den for kvinner var 6,8% og for menn 6,6%.

Kjønnsbalanse

	Tal tilsette	Årsverk	Tal tilsette menn	Tal tilsette kvinner	Kvinneandel
2023	355	288,4	84	271	76,3 %
2022	354	289,5	82	272	76,8 %
2021	345	273	67	278	80,6 %
2020	335	281	66	269	80,3 %
2019	342	281	66	276	80,7 %

Tal tilsette, årsverk og kjønnsbalansen er omtrent lik som i 2022. Som elles i kommunal sektor er kvinner overrepresentert, men vi held fram med ei auke i tal menn og ein nedgang i tal kvinner.

Ideelt sett ønskjer vi å ha arbeidsmiljø der det er ein god balanse mellom kjønna, men vi ser at det er vanskeleg å få dette til i nokre sektorar. Dette gjeld både på kvinnedominerte arbeidsplassar som helse og omsorg og til dels i oppvekst, og på mannsdominerte arbeidsplassar som i teknisk sektor.

Tiltak kjønnsbalanse

Ved rekruttering tek vi i bruk annonser med referanse til ønska balanse og føretrekt kjønn gitt like føresetnadar. Vi ser at det er ønskje og behov for fleire menn i helse og omsorg, men og i oppvekst, og ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsgjevar òg for mannlege arbeidstakarar i desse sektorane.

Heiltidskultur

Oversikt heiltid og deltid for kvinner og menn i perioden 2019 til 2023

	Tal tilsette	Heiltid kvinner og menn	Deltid kvinner og menn
2023	355	56,9 %	43,1 %
2022	354	54,2 %	45,8 %
2021	345	50,7 %	49,3 %
2020	335	45,1 %	54,9 %

Tala viser at vi har hatt ei positiv utvikling også i 2023. Sidan 2020 har vi hatt ei auke i heiltidstilsette på 11,8%.

Oversikt heiltid og deltid fordelt på kjønn i 2023

2023	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
Kvinner	271	159	112	155,6	70,04	62,5 %	83,26 %
Menn	84	43	41	43	19,73	48,2 %	74,71 %
Sum	355	202	153	198,6	89,77		81,23 %

Auka i gjennomsnittleg stillingsprosent for alle tilsette held fram også i 2023. Helse og omsorg er den sektoren med flest deltidstilsette. Vi har mange som er inne i faste helgestillingar, i mindre vikariat eller i vakante stillingar.

Tiltak heiltidskultur

Arbeidsgjevar og dei tillitsvalde er samde om at det skal være årsturnus i helse og omsorg. Årsturnus gjer det mogleg for arbeidsgjevarar å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer større stilling, då ein kan planleggje lengjer fram i tid.

Dei tillitsvalde er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med heiltidskultur. Det er jamlege møter mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde der drøfting av deltidspromblematikk er eit punkt på agendaen.

Saman har vi ved nye utlysingar av ledige stillingar eit kontinuerleg fokus på å sikre rettane til deltidstilsette som ønskjer auke i stilling.

I oppvekstområdet, og for turnusarbeidande i helse og omsorg blir det årleg kartlagt kven som ønskjer auke i stilling. I samarbeid med det tillitsvalde har arbeidsgjevar valt å sende ut kartlegging over dei med ufrivillig deltid årleg. Med dei føresegna som arbeidsmiljølova set ved fortrinnsrett for deltidstilsette så er det nødvendig for arbeidsgjevar å ha oversikt i tilfelle det skal lysast ut stillingar.

Dei fleste stillingane som Fjaler kommune lyser ut er heiltidsstillingar. Hovudtariffavtalen legg formelle føringar på partane i kommunal sektor når det gjeld arbeid med heiltidskultur. Fjaler kommune som arbeidsgjevar har eit godt og konstruktivt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar når det gjeld heiltidskultur og arbeidet med denne.

2.4 Utdrøingar frøover og fokusområde 2024

Rekruttere og behalde kritisk kompetanse

Det vil bli vanskelegare å rekruttere nødvendig og kritisk kompetanse framover, spesielt innan nokre utdanningsretningar. Fjaler kommune ønskjer å ha fokus på å rekruttere, behalde og utvikle tilsette for å sikre tilstrekkeleg kompetansen framover.

For å få rekruttert tilsette, må vi stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar med attraktive arbeidsoppgåver. Her vil det mellom anna være viktig å være synlege for potensielle søkjarar og å ha eit godt omdøme.

For å behalde våre tilsette må Fjaler kommune jobbe for at ein opplev trivsel, arbeidsglede, engasjement, motivasjon og meistring i sitt arbeid. For å få dette til må vi jobbe meir systematisk med HMT, ha fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet og god rolleavklaring, jobbe med kompetanseutvikling og god leiing.

Utvikling av eigne tilsette er viktig for å dekke behovet for kompetanse fram øve, men dette er også eit viktig tiltak for å behalde våre tilsette.

HMT

Gjennom systematisk planlegging, oppfølging og evaluering må den enkelte eining setje konkrete mål for HMT-arbeidet, kartleggje risikofaktorar i arbeidsmiljøet, bestemme kva tiltak som skal setjast i verk, definere tidsplan for gjennomføring og setje av nødvendige ressursar til gjennomføringa.

Arbeid med sjukefråvær

Fjaler kommune har framleis høgare sjukefråvær enn det som er målsetninga, og arbeidet med dette vil verte prioritert i 2024. Det er laga ein overordna handlingsplan for korleis vi skal jobbe med sjukefråvær i Fjaler kommune, satt opp kurs for å auke kompetansen til våre leiarar i sjukefråværsførebygging og sjukefråværsoppfølging og utarbeida materiell til bruk i sjukefråværsarbeidet. Personalsjef og kommunalsjefar vil følgje tettare opp einingar som over tid har hatt høgt sjukefråvær.

Leiaropplæring

I 2024 vil ein sette opp felles leiarmøte for å knytte leiarane i dei ulike sektorane saman, få til felles opplæring og for å jobbe med leiarutvikling. Gode og trygge leiarar er viktig for at Fjaler kommune skal nå sine mål og for å sikre at våre tilsette opplev arbeids glede og engasjement i sitt arbeid.

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor vart gjennomført i november 2020 og den gav oss informasjon om korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet og sin næraste leiar. Einingane har jobba med resultatet av kartlegginga og sett på forbetningspotensiale for å styrke det som ikkje er godt nok, og samtidig peike ut område der ein ønskjer å halde fram med gode resultat. Det er litt ulikt kor mykje fokus dette arbeidet har fått i dei ulike einingane og kor mykje ein har jobba med 10 faktor. Det er planlagt ny 10 faktor kartlegging hausten 2024.


5 økonomi



4.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å eigenfinansiere investeringar og bygge opp reservar. TBU ha berekna at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, men at ein bør gjere lokale vurderingar knytt til fastsetjing av måltalet. Fjaler kommune har eit mål at vi innan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%.



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	-1,4 %	1,3 %	7,3 %	-3,0 %
Kostragruppe 05	1,8 %	4,4 %	4,1 %	3,8 %

I 2022 hadde Fjaler kommune eit rekordstort netto driftsresultat, dette var i hovudsak knytt til dei ekstraordinære skatteinntektene som kom dette året. I 2023 har kommunen negativt netto driftsresultat på 3%. Dette er betre enn revidert budsjett som var 6,6%.

Det vi får ta med oss som positivt er at vi kom betre ut enn budsjett, men vi finansiere kr 15,6 mill. av driftsbudsjettet med disposisjonsfond i 2023. Dette er ikkje ei berekraftig utvikling. Vi har store utfordringar med å få eit driftsbudsjett i balanse. Det blir jobba målretta i 2024 for å forbetre økonomien på sikt, men også i 2024 brukar vi midlar frå fond for å balansere budsjettet.

Måltal: Kommunestyret i Fjaler har vedteke at vi innan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%. I 2023 et netto driftsresultat negativ med -3%

4.2 Løn i av brutto driftsinntekter

Ein stor del av kommunen sine inntekter er bundne opp i faste lønnsutgifter. Lønsandel i % av driftsinntektene kan sei noko om kommunen sitt handlingsrom. Kor mykje er igjen til politiske prioriteringar etter at løn er dekket. Reduksjon i lønnsutgiftene krev ofte ein meir omfattande politisk prosess enn kva kutt i mange andre utgifter. Det kan difor vere viktig med eit overordna syn på utviklinga av lønnsutgiftene i kommunen. Lønsandelen i kommunar ligg vanlegvis mellom 60-70%.

Tabellen under viser Fjaler kommune sin andel av løn målt mot driftsinntektene.


	2019	2020	2021	2022	2023
Løn og sosiale utgifter i % av brutto driftsinntekter	68,30%	64,73 %	66,90 %	60,68 %	65,10%

Det ein ofte ser er at andelen av løn i små kommunar ligg høgre enn for dei store kommunane. Det betyr at handlingsrommet for små kommunar ofte er mindre. Bakgrunnen for at tala variere annakvart år er at utbetalinga frå Havbruksfondet ikkje er årleg.

I 2022 var Fjaler kommune nede på ein andel på 60,68%, dette skuldast den ekstraordinære inntektsauken vi hadde på skatteinntektene, Nivået har normalisere for 2023.

4.3 Langsiktig gjeld

Fjaler kommune har vedteke ei målsetjing om at innan 2026 skal gjeldsgrada til kommunen ligge på 130 % av brutto driftsinntekter. Dette er brutto lånegjeld. Det vil sei at vi ikkje har korrigert for ubrukne lånemidlar, lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområda. Ved utgangen av 2023 er gjeldsgrada til kommunen på 129,4%



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	117,6 %	140,3 %	131,3 %	129,4 %
Kostragruppe 05	97,0 %	94,8 %	92,4 %	90,5 %


Når det gjeld målsetjinga til Fjaler kommune er ei gjeldsgrad på 130% langt over det som er anbefalt, men vi har ei veldig høg lånegjeld, difor er målsetjinga sett relativt høgt, men er basert på det vi meiner er realistisk. Det vil sei at vi i planperioden ikkje bør ha netto auke i lånegjelda til kommunen. Årsaka til at gjeldsgrada til kommunen er redusert årleg frå år 2021 er ikkje at vi har redusert lånegjelda, men at nivået på driftsinntektene som vi måler mot aukar årleg.

4.4 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet syner kor mykje kommunen har sett til side, eller har til disposisjon for seinare drifts- og investeringsføremål. Disposisjonsfondet er det einaste fondet som fritt kan nyttast til dekking av utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfondet er difor den delen av «reservane» som gjev det beste uttrykket for den økonomiske handlefridomen.

Kommunen bør til ei kvar tid ha ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntektene eller auke i utgiftene. Oppbygging av eit disposisjonsfond kan og bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane.

Saldo på disposisjonsfondet var ved utgangen av 2023 på kr 36,6 mill., dette er ein reduksjon frå 2022 på kr 12,9 mill.



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	3,9 %	6,3 %	13,4 %	9,6 %
Kostragruppe 05	10,6 %	13,6 %	16,1 %	16,5 %

Måltal på disposisjonsfond

Kommunestyret i Fjaler har vedteke eit økonomisk måltal på disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter på >8%. Det vil sei at for å nå målsetjinga skal saldo på disposisjonsfondet som eit minimum vere kr 31.13 mill.

Dersom Fjaler skulle hadde hatt eit disposisjonsfond på snitt med kostra-gruppa hadde det utgjort kr 62,8 mill.

4.5 Regnskapsprinsipp

Fjaler kommune sin rekneskap er ført etter dei kommunale rekneskapsprinsipp jf. Kommunelova §14 med tilhøyrande forskrift. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og avgang av midlar i løpet av året skal visast i anten- drifts eller investeringsrekneskapen.

Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og inntekter i kommunen og resultatet av desse gjennom året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i tilknytning til investeringar og utlån samt korleis desse er finansiert.

Driftsrekneskapen til kommunen syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som fylgje av forbruk av driftsmidlar

Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men vert nullt ut slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med den utgift som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningane vert vist i rekneskapen er mellom anna at avgjerdestakarar og brukarar av rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den høve kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det vil sei at det ikkje er gjort inntekter for tilhøyrande utgifter og då heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette fører til at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett beløp.


4.7 Hovudoversikt drift

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2023	Reg. budsjett - 23	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	142 772 806	144 235 001	157 129 001	111 216 825
2 Inntekts- og formuesskatt	104 802 192	99 389 000	85 175 000	141 951 806
3 Eiendomsskatt	10 712 248	10 687 000	10 687 000	9 340 274
4 Andre skatteinntekter	11 889	0	0	11 889
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	19 166 236	19 202 000	14 382 000	19 867 238
6 Overføringer og tilskudd fra andre	72 568 697	47 685 051	45 899 051	56 637 497
7 Brukerbetalinger	10 891 862	11 374 349	10 914 349	10 048 577
8 Salgs- og leieinntekter	19 996 815	18 955 509	18 885 509	18 085 883
9 Sum driftsinntekter	380 922 746	351 527 910	343 071 910	367 159 988
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	205 639 936	193 416 441	188 367 441	185 895 322
11 Sosiale utgifter	42 359 386	44 092 075	44 072 075	36 925 569
12 Kjøp av varer og tjenester	92 315 927	85 322 695	72 117 695	72 349 638
13 Overføringer og tilskudd til andre	34 668 737	31 447 567	23 427 882	27 705 283
14 Avskrivninger	20 162 006	18 019 850	18 019 850	19 590 597
15 Sum driftsutgifter	395 145 993	372 298 628	346 004 943	342 466 409
16 Brutto driftsresultat	-14 223 247	-20 770 718	-2 933 033	24 693 580
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	3 654 616	2 989 500	2 539 500	2 191 766
18 Utbytter	10 882 568	10 794 000	6 500 000	6 406 819
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
20 Renteutgifter	15 982 940	16 345 000	16 345 000	9 366 695
21 Avdrag på lån	15 955 000	15 955 000	15 955 000	15 445 110
22 Netto finansutgifter	-17 400 756	-18 516 500	-23 260 500	-16 213 220
23 Motpost avskrivninger	20 162 006	18 019 851	18 019 851	19 590 597
24 Netto driftsresultat	-11 461 997	-21 267 367	-8 173 682	28 070 956
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	1 440 260	989 000	0	594 894
26 Avsetninger til bundne driftsfond	2 963 680	82 518	82 518	4 332 016
27 Bruk av bundne driftsfond	-2 983 030	-816 200	-816 200	-6 580 640
28 Avsetninger til disposisjonsfond	2 790 000	2 790 000	0	29 724 686
29 Bruk av disposisjonsfond	-15 672 907	-24 312 685	-7 440 000	0
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-11 461 997	-21 267 367	-8 173 682	28 070 956
32 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

4.8 driftsinntekter

Fjaler kommune sine driftsinntekter er sett saman av

- Skatteinntekter
- Rammetilskot frå staten
- Havbruksfond
- Eigedomsskatt
- Statstilskot flyktningar
- Andre inntekter som vert inntektsført på einingane, td. refusjonar, brukarbetalingar, husleigeinntekter og øyremerkte tilskot.



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	317 484	322 943	367 160	380 923
Kostragruppe 05	13 568 029	14 417 012	15 482 422	16 906 085


I 2023 var samla driftsinntekter på kr 380 mill. dette er ein auke i høve 2023 på kr 13,7 mill.

Samla sett har vi ei lita prosentvis auke på inntektene, dette skuldast skattenivået og utbetaling på havbruksfondet som er kraftig redusert frå 2022-2023. Vi har stor auke i inntektsposten for sjukeløn og refusjon for særleg ressurskrevjande tenester i høve 2022. Dette er for så vidt ikkje positivt då det betyr at vi har hatt høgre utgifter knytt til desse ordningane, så er det og slik at vi ikkje får dekkja kommunen sine kostnader fullt ut verken ved sjukefråvær eller tenester til særleg ressurskrevjande brukarar.

4.9 Driftsutgifter

Fjaler kommune sine driftsutgifter (eks interne overføringar) er sett saman av

- Løn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringar og tilskot til andre
- Avskrivningar



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	322 885	322 120	342 466	395 146
Kostragruppe 05	13 480 949	14 044 694	15 051 011	16 552 624

Driftsutgiftene 2023 er på kr 395,1 mill., dette er ein auke i høve 2022 på kr 52,6 mill., eller 15,3%

Auke på løn og sosiale utgifter var åleine på kr 25,2 mill., dette utgjør ein vekst på 11,3%.

Hovudårsaka til veksten er at vi i 2023 fekk heilårseffekt av lønsoppgjeret for 2022, i tillegg hadde vi eit veldig godt oppgjør der resultatet enda på 5,3%. Dette påverkar også pensjonspremien og førte til at vi fekk rekordstor reguleringspremie i 2023.

Andre faktorar som er med å forklare den store auken er høgt sjukefråvær, auke i arbeidsgjevaravgift på høge årsløner, vanskar med å rekruttere, auke utover gjennomsnittleg lønsvekst som verkemiddel for å behalde personell og ein stor auke i posten for overtid som også er ein konsekvens av sjukefråvær og vakansar.

Overforbruk på løn målt mot budsjett er på kr 10,49 mill. Dette må sjåast i samanheng men refusjonar på sjukeløn som har eit avvik på kr 10,48. Det vil sei at vi i høve budsjett ikkje har avvik på lønsbudsjettet, det betyr at ein har kontroll. Sidan løn utgjør over 65% av driftskostnadane er dette positivt.

Dersom ein ser vekk frå auken i lønsrekneskapen har vi stor auke på fleire utgiftspostar i 2023.

- Stor prisvekst på varer og tenester
- Etablering av brakkeløysing Flekke skule
- Nye brøytekontrakter
- Konsulentbruk barnevern og oppvekst
- Vikar legetenesta
- Forskotteringar
- Interkommunale samarbeid har auka rammer utover deflator
- Auke i lisensar utover deflator, fleire system som blir lagt i sky fører til auka driftskostnader.

4.10 Finanstransaksjonar

Finansinntekter

Finansinntektene er sett saman av renteinntekter, utbyte og eigaruttak, gevinst ved sal av finansielle omløpsmidlar samt mottekne avdrag på utlån.

Samla finansinntekter i 2023 er på kr 14,2 mill. mot 8,5 mill. i 2022. Fordelinga er lista opp i tabell under.

Finansinntekter	2022	2023
Utbyte frå Eviny	5 550	10 793
Utbyte frå Sogn og Fjordane Holding as	856	0
Utbyte Gjensidige		89
Renteinntekter bankinnskot SSF	2 105	3 456
Renter fakturering	12	49
Renteinntekter startlån	75	149
Sum	8 598	14 536

Det har vore ei stor auke i finansinntektene til kommune frå 2022-2023. Når det gjeld utbyte frå Eviny er ein del av årsaka god inntening i selskapet grunna stor auke i kraftprisane. Det auka rentenivået fører til auke i renteinntektene til kommunen. Sogn og Fjordane Energi hadde eit sort underskot i 2021 rekneskapen grunna tap på prissikring av kraftproduksjonen. Dette i tillegg til endring i skattlegging av kraftproduksjonen gjorde til at det ikkje vart sett av midlar til utbetaling av utbyte for regnskapsåret 2023.

Finansutgifter

Finansutgiftene er sett saman av renteutgifter, provisjonar og andre utgifter knytt til kommunen si låneportefølje.

Renteutgifter knytt til kommunen si låneportefølje utgjorde i 2023 kr 15,98 mill, dette er ein auke i høve 2022 på kr 6,6 mill.

Avdrag på kommunen si låneportefølje utgjorde i 2022 kr 15,95 mill., ein auke i høve 2022 på kr 0,5 mill.

4.11 Gjeld og utlån

Den langsiktige gjelda til kommunen ekskl. pensjonsforpliktingar har auka med kr 4,8 mill. frå 2022-2023. Lånegjelda er ved utgangen av 2023 på kr 498,017 mill. Den største delen av auken skriv seg frå opptak av lån hos Husbanken til vidare utlån (Startlån)

Det er i løpet av 2023 betalt kr 15,9 mill i ordinære avdrag på kommunen si låneportefølje og kr 0,61 mill i avdrag på Husbanklån til vidare utlån.

Fjaler kommune hadde ved utgangen av 2023 fastrente på 55,22 % av låna i porteføljen.

Ved utgangen av året var gjennomsnittsrenta i porteføljen 3,52%.

Referanserenta låg på 4,26 % medan 3 mnd. Nibor var 4,73%.

Porteføljen sin durasjon var ved utgangen av 2023 på 1,5 år

Instrument	Volum	Forfall	Renter	% av porteføljen
DNB sertifikat	85 012	2024	4,01 %	17,07 %
Danske Bank Flytande rente	65 280	2024	5,22 %	13,11 %
Sparebank 1 Markets sertifikat	67 859	2024	5,20 %	13,63 %
Kommunalbanken fast rente	100 000	2028	3,70 %	20,08 %
Kommunalbanken fast rente	60 722	2024	2,19 %	12,19 %
Kommunalbanken fast rente	108 346	2026	1,61 %	21,76 %
Husbanken 6114	68	2029	3,85 %	0,01 %
Husbanken 6118	380	2029	3,85 %	0,08 %
Husbanken 6119	409	2030	3,85 %	0,08 %
Husbanken 6121	659	2030	3,85 %	0,13 %
Husbanken 6122	1 405	2032	3,85 %	0,28 %
Husbanken 6123	1 408	2035	3,85 %	0,28 %
Husbanken 6124	2 469	2039	3,85 %	0,50 %
Husbanken 6125	4 000	2043	3,85 %	0,80 %
Sum låneportefølje	498 017		3,52 %	100,00 %

Totalt disponerte ubrukte lånemidler ved utgangen av året er på kr 16,9, dette er ein auke i høve 2022 på kr 1,2 mill.

4.12 Investering

	Rekneskap 2023	Reg. budsjett - 23	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	38 704 626	48 224 964	13 220 000	62 662 471
2 Tilskudd til andres investeringer	108 900	300 000	300 000	1 571 250
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	792 034	735 000	735 000	721 707
4 Utlån av egne midler	0	4 000 000	4 000 000	400 000
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	39 605 560	53 259 964	18 255 000	65 355 428
7 Kompensasjon for merverdiavgift	5 444 184	7 935 855	2 464 000	7 975 139
8 Tilskudd fra andre	8 386 571	450 000	0	4 971 047
9 Salg av varige driftsmidler	6 900 000	0	0	1 104 051
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	3 881 606
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
13 Bruk av lån	20 233 325	31 615 109	9 931 000	51 113 209
14 Sum investeringsinntekter	40 964 080	40 000 964	12 395 000	69 045 052
15 Videreutlån	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	617 622	660 000	660 000	657 158
18 Mottatte avdrag på videreutlån	209 361	4 660 000	4 660 000	317 811
19 Netto utgifter videreutlån	408 261	-4 000 000	-4 000 000	339 347
20 Overføring fra drift	-1 440 260	-989 000	0	-594 894
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	7 750 519	0	0	4 066 500
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-5 360 000	-8 270 000	-1 860 000	-121 329
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	950 259	-9 259 000	-1 860 000	3 350 277
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0

Fjaler kommune sin investeringsrekneskap er gjort opp i balanse. For meir detaljar og resultat pr prosjekt syner eg til rekneskapen til Fjaler kommune.

Fjaler kommune har dei siste åra hatt fleire store investeringsprosjekt, dette har ført til ei veldig høg lånegjeld. Vi har vedteke måltal for lånegjelda som vi no styrer etter, det medfører at aktiviteten på investeringssida no er teke ned. Vi vil framover ha fleire pågåande prosjekt, men ikkje store dyre byggeprosjekt.

Vi vil i løpet av 2024 prøve å få utarbeida eit 10-årig investeringsprogram, dette skal bidra til at vi får ei betre oversikt og bidra til beslutningsstøtte politisk når investeringsbudsjetta skal vedtakast. Når vi no skal styre etter måltala vert prioriteringane hardare og konkurransen mellom prosjekta større. Vi

må framover ta ut alt av potensiale vi har i eksisterande bygningsmasse før vi byggjer meir. Det er svært viktig for drifta til kommunen at vi evnar å redusere lånegjelda.

5 Årsmelding frå Sektorane

5.1 Oppvekst

1 Om Sektoren

Oppvekst dekker tenesteområda:

Tre skular der to av desse er 1-10 skular. Fire barnehagar, der den eine er privat barnehage. Vi har i tillegg ansvar for vaksenopplæringa som er administrativt tilknytt Dingemoen skule.

Integreringstenesta vart i august månad administrativt flytta frå oppvekst til kulturavdelinga.

Oppvekst er også arbeidsgjevar for dei kommunalt tilsette i leirskulen som er dagleg administrert av UWC Connect på Hauglandssenteret.

Fjaler kommune er vertskommune for PPT, Ytre Sogn og Sunnfjord som er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Høyanger, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund

Eining	Leiar	Om eininga	Årsverk	Barn elevar
Oppvekst Administrasjon	Kjell R. Stien		1	
Dingemoen skule 1-7 og 8-10 Vaksenopplæring	Eli-Terese Sande		43,5 (Inkl SFO) 2,8 i vaksenopplæring	168 95 34 vaks.oppl
Flekk skule og barnehage	Ingvard Flekke		11 skule 9 barnehage	42 34
Våge skule	Anne Erstad		11,5 (ink SFO)	34
Våge barnehage	Kristin Hellebust Strømberg		7	19
Yksnebjør barnehage	Turid Straume			57
PPT	Berit Bjørnsen	Felleskontor for 5 kommunar	8	74 nye tilviste saker
HAF Kulturskule	Mats Willemoes Systaddal	Vertskommune Hyllestad	19	270 tilsaman i AFH.
Elvetun barnehage	Anny Holm styrar		12	36

2 overordna mål

Jamfør samfunnsdel i Kommuneplan skal Fjaler kommune ha som mål:

«Barn og unge skal kunne føle tilhøyrighet og ha framtidsutsikter i kommunen»

Vidare skal vi kunne oppfylle måla i FN sin barnekonvensjon: FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane.

Berekraftsmål nr. 4, «God utdanning», har som målsetting å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje mogelegheiter for livslang læring for alle.

Fjaler kommune skal vere ein god stad å bu og leve i, gjennom heile livet. Kommunen vil sikra dette gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar

3 Økonomi

	2022	2023
Rekneskap	77 825	99 663
Budsjett	74 909	98 224
Avvik	338	1 438

Største avviket omhandlar Yksnebjør barnehage i form av ekstra store vikarutgifter, over 600 000 meir enn budsjettet.

Vidare har vi eit stort avvik i høve kjøp av skuleplassar frå andre kommunar og private. Grunnskuleopplæring for vaksne (flyktningar) er kjøpte tenester frå Askvoll. Vidare har vi elevar og barnehagebarn i Hyllestad og Sunnfjord.

4 Bemanning og kompetanse

4.1 Årsverk


Sjå punkt 1

4.2 Rekruttering og kompetanse

Dingemoen skule har tilstrekkeleg dekning på kompetanse i undervisning alle fag. Våge skule skular og barnehage slit med å rekruttere nok fagfolk, utdanna lærarar og barnehagelærarar. Både i Yksnebjør og Våge barnehage har ein hatt fagarbeidarar disponert i stilling som pedagogiske leiarar.

Det er trong for å auke kompetanse innan temaet psykososiale vanskar hjå barn og unge. Dette gjeld både i skular, barnehagar og PPT.

4.3 Sjukefråvæær – Status og kompetanse



Samla sjukefråvær for oppvekst var 8,1% for 2023. Størst var langtidsfråværet. Utviklinga frå fjoråret er positiv med litt nedgang. Størst var langtidsfråværet i barnehage.

5. Tenestene

Dingemoen skule

Dingemoen har dette året hatt mykje fokus på «Laget rundt barnet» i samarbeid med foreldre. FAU arrangerte storforeldremøte i oktober der Mobbeombodet var invitert til å halde innleiing. Mobbeombodet har også delteke i utviklingstid med pedagoggruppa.

Resultat frå Elevundersøkinga syner jamt over god trivsel på skulen. Resultatet for 7. klasse var derimot urovekkande og førte til grundige undersøkingar og foreldremøte. Det synte seg at nokre elevar hadde med vilje svart feil på undersøkinga og dermed vart resultatet der etter.

Skulemiljø har vore i fokus og nullvisjon i høve mobbing vert det jobba kontinuerleg med.

Resultatet på nasjonale prøver syner at det må arbeidast betre med leseopplæring og auke av fokus på lesing i alle fag.

Flekk skule og barnehage

Skulen og barnehagen har hatt ekstra fokus på trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Å bygge sosial kompetanse er sentralt. Som ein del av trygt skulemiljø har skulen arbeidd aktivt med tema i Livet på timeplanen.

Barnehagen er mykje ute, og særleg førskuleavdelinga er ute store deler av veka.

Dei prøver og å ha tett samarbeid mellom elevar og barnehagebarn. T.d. med lesestunder.

Våge skule

Skulen har arbeidd med utviklingsprosjekt som omhandlar relasjonskompetanse og har hatt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet kring dette.

Arbeidslivsfag er blitt populært, mange dyktige og kreative lærarar. Godt samarbeid med barnehagen.

Skulen mista fleire elevar i løpet av hausten, men det ser betre ut komande haust.

Våge barnehage

Barnehagen samarbeider med andre tenestetilbod i Fjaler kommune i prosjektet «tidleg inn» Dette skal sikre at ein gjennom samarbeid og rettleiing skal kunne sette inn riktige tiltak på eit tidleg stadium.

Barnehagen er med i Rekomp- prosjekt, midlar til dette har vi fått frå fylkeskommunen.

Barnehagen jobbar med relasjonsarbeid og den vaksne si rolle i relasjonar. Dei samarbeider med Høgskulen i vestlandet, både i form av rettleiing og førelesingar. Dei har eit samarbeid med Nipa barnehage på Atløy, Askvoll kommune, som og jobbar med relasjonskompetanse.

Yksnebjør barnehage

Barnehagen har arbeidd med «tidleg inn» prosjektet. Dette skal sikre at ein gjennom samarbeid og rettleiing skal kunne sette inn riktige tiltak på eit tidleg stadium.

PPT for Ytre Sogn og Sunnfjord

PPT har hatt fokus på å heve kompetanse innan matematikkfeltet, med fokus på kartlegging og tiltak.

Kontoret har hatt to langtidssjukemelde, noko som har medført utfordringar i høve kapasitet.

Kulturskulen i Hyllestad og Fjaler (og Askvoll)

Askvoll vart innlemma i samarbeid om kulturskule hausten 2023. Samkøying med nytt kommunesamarbeid har hatt fokus.

Kulturskulen vurderer at dei har hatt eit godt år og har gjeve tilbod i aktivitetar innan musikk, dans og kunst. I tillegg har dei hatt nokre teaterprosjekt. Dei sel også tenester til mange brukarar.

Kulturskulerektor har teke eit studium i leiing, der også resten av dei tilsette er involvert i høve utvikling av tenesta.


5 Kostra

Barnehage

	Fjaler 2022	Fjaler 2023	Kostragruppe 05
Prioritet			
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager **)	197 492	252 803	245 165

**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov


Ståstadanalyse 1



— Andel barn 1-5 år med barnehageplass
— Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)

	Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)
Fjaler	0	89,4
Kostragruppe 05	0	84,7

Utgiftsbehov og kriteriedata



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	197 023	204 269	197 492	252 803
Kostragruppe 05	179 306	198 855	207 188	246 086

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Utgifter til barnehage har auka litt i 2023 men ikkje av betydeleg grad. Utgiftene følgjers gjennomsnittet til kostragruppa. Det er å merke seg er at vi ikkje har store utgifter til spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. Reint økonomisk kan dette sjå bra ut, men det kan også seie noko om at vi nyttar for lite ressursar på tidleg innsats og førebygging i dei låge aldersgruppene.

Grunnskole


	Fjaler 2022	Fjaler 2023	Kostragruppe 05
Prioritet			
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger korrigert for elever i pri **)	19 093	22 055	19 037
Netto driftsutgifter i prosent 202 grunnskole (B)	20,1 %	20,0 %	17,1 %
Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B) **)	447	496	535
Netto driftsutgifter per innbygger (223) skoleskyss (B) **)	275	223	448
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år **)	131 927	147 602	128 862
Dekningsgrad			
1.-4. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	27,8 %	8,9 %	14,8 %
5.-7. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	39,7 %	35,2 %	22,8 %
8.-10. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)	22,9 %	24,0 %	22,8 %
Kvalitet			
Lærertetthet 1.-4. trinn	9,8	7,8	
Lærertetthet 5.-7. trinn	14,4	12,7	
Lærertetthet 8.-10. trinn	16,2	13,3	

Andre nøkkeltal

Andel lærere i heltidsstilling	78,1 %	75,8 %	69,0 %
Andel lærere som er 40 år og yngre	51,6 %	53,0 %	43,9 %
Andel lærere som er 60 år og eldre	9,4 %	7,6 %	10,4 %
Netto driftsutgifter (202) Grunnskole	51 617	57 633	1 822 036
Netto driftsutgifter (215) Skolefritidstilbud	1 540	1 669	63 887

**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov


Vi ligg noko over Kostragruppa når det gjeld driftsutgifter til grunnskule. **Prioritet - Netto driftsutgifter i prosent 202 grunnskole (B)**



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	18,2 %	19,0 %	20,1 %	20,0 %
Kostragruppe 05	16,8 %	17,6 %	17,2 %	17,1 %

Vi ligg godt over kostragruppa i netto driftsutgifter på skule. Det er behov for ein grundig analyse og tiltak for å ta ned desse utgiftene.

Dekningsgrad - 5.-7. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	18,5 %	30,7 %	39,7 %	35,2 %
Kostragruppe 05	21,7 %	20,8 %	22,4 %	22,8 %

At del timar til spesialundervisning er høgt i desse alderstrinna, skuldast i stor grad fulldekning av spesialundervisning heile skuletida til få elevar. I nokre høve er det to pedagogar på ein elev og dette er kostbare tiltak.

7 Andre nøkkeltal

8 Utfordringar framover

Ny opplæringslov

Frå 01. 08.24 trer ny opplæringslov i kraft. Det er viktig at samtlege instansar som arbeider med barn og unge er rusta til overgangen. Nytt i lova er mellom anna; lovfesta rett til medverknad hjå elevane, auka innsats rundt fråvær og betre kompetanse rundt tilrettelagt opplæring.

Fleire saker som krev tettare oppfølging og dokumentasjon i skulen

Fjaler har dei siste åra hatt fleire saker som omhandlar trygt og godt skulemiljø for elevane. Vi ser at desse sakene krev ekstra ressursar og kompetanse både i form av økonomi, fleire tilsette, betre kompetanse hjå dei tilsette og sakene medfører også ekstra krav til observasjonar, rapporteringar og dokumentasjon.

Mangel på fagfolk i pedagogstillingar barnehagar og skular

Som resten av landet har Fjaler hatt vanskar til å rekruttere pedagogar i skulen, og i stillingar for pedagogisk leing i barnehage har vi nytta mellombels disposisjon for fagarbeidarar. Vi har også nytta fagarbeidarar i pedagogstillingar i skulen.

Våge skule manglar rektor frå hausten 2024. Vi har vanskar med å rekruttere til denne stillinga.

Utfordringar med fysisk plass

Både Dingemoen skule og Flekke skule og barnehage rapporterer at dei har vanskar i høve fysisk nok plass for elevar. For Dingemoen gjeld dette høvesvis dei tre neste åra.

BTI- betre tverrfagleg samarbeid – auka innsats på tidleg inn og førebygging

Fjaler kommune har eit stort arbeid framfor seg med å styrke tidleg innsats og førebygging av vanskar hjå barn og unge.

Likeeins vil det verte satsa på tettare tverrfagleg samarbeid mellom skular, barnehagar og hjelpetenestene.

I HAFS vil vi satse på å innføre BTI. Dette er ein samhandlingsmodell for tenester som møter barn, unge og deira familiar der det er knytt undring eller bekymringar rundt.

5.2 Helse og omsorg

1 Om sektoren

Helse og omsorg er delt inn i sju einingar: Tenestekontor/felles-teneste, heimetenester, sjukeheim, miljøteneste, helsetenester, HAFS barnevern-teneste og NAV. I tillegg ligg utgifter til kjøp av VTA plasser hos Vevang dagsenter. Vi har og interkommunal legevakt og krisesenter. Alle leiarane rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg.

1 Om sektoren

Helse og omsorg har som overordna mål å i ivareta innbyggjarane våre på best mogeleg måte og yte forsvarlege tenester på alle nivå. Som del av dette, ynskjer vi å;

- utvikle gode samhandlingsrutinar mellom einingane i helse og omsorg og andre sektorar i Fjaler kommune som sikrar heilheitleg og koordinert innsats for innbyggjarane
- tilby rett behandling på rett nivå som gjev gode helsetenester
- sikre ein trygg oppvekst og skape sosial og økonomisk tryggleik og fremje arbeid og aktivitet
- ha målretta arbeid innan rekruttering og kompetanseheving
- vidareutvikle velferdsteknologi
-

3 Økonomi

	2022	2023
Rekneskap	115 381	126 573
Budsjett	116 591	133 129
Avvik	-1 211	- 6 555

Tal frå rekneskapen viser eit underforbruk på 6 555 000 kroner, dette er 4,92% avvik. Einingane har hatt stort fokus på økonomistyring gjennom heile året og leiarane har teke eit stor ansvar for å redusere utgiftene. På nokon kontoar er det overforbruk (løn til legar og konsulentar i barnevern). Særleg miljøtenesta har underforbruk grunna mykje høgre tilskot for ordninga innan ressurskrevjande tenester enn forventa. Sjukeheim har også eit underforbruk grunna mindre tal pasientar enn forventa, og dei har tilpassa bemanninga etter behovet. Fleire einingar har delt på ressursar og dette fører til reduserte utgifter.

4 Bemanning og kompetanse

4.1 Årsverk

Eining	Årsverk	
	2022	2023
Fellesteneste	16 årsverk	16 årsverk
Heimeteneste	19,71 årsverk	19,71 årsverk
Sjukeheim	39,91 årsverk	37,91 årsverk
Miljøteneste	26,9 årsverk	26,9 årsverk
Helseteneste		

Psykisk helse	4,75 årsverk	4,65 årsverk
Helsestasjon	3,3 årsverk	3,3 årsverk
Legekontor	5 årsverk	5 årsverk (utan LIS 1)
Fysio – ergoterapi	5 årsverk	5 årsverk
Barnevernteneste	9 årsverk	10 årsverk
NAV Fjaler	3 kommunale årsverk. 2 faste kommunale stillingar og ein vikar	2 kommunale årsverk.


- Sjukeheim: Saldering 2 årsverk korttidsavdeling i 2023
- Bemanninga i psykisk helse er redusert med 0,1 årsverk då ein tilsett har 10 % stilling med pensjon
- Barnevernstenesta: Grunna stor turn-over i mange år vart det bestemt at ein kunne auke med ei stilling for å prøve å stabilisere bemanninga. Dette har ikkje gjeve resultat og ein har gått med underbemanning i tillegg til å leige inn barnevernskonsulentar frå vikarbyrå.

4.2 Rekruttering og kompetanse

Alderssamansetninga er høg, særleg blant helsefagarbeidarar. Det er eit kontinuerleg arbeid med tiltaka i kompetanse- og rekrutteringsplan for helse- og omsorg.

4.3 Sjukefråvær – Status og tiltak

	Totalt sjukefråvær	Korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Helse og Omsorg 2023	11,77%	2,56%	9,21%
Helse og omsorg 2022	11,71%	2,79 %	8,92 %
Helse og omsorg 2021	7,06 %	1,73 %	5,34 %
Fjaler Kommune 2023	9,51%	2,64%	6,87%
Fjaler kommune 2022	9,41 %	2,85 %	6,56 %



Sjukefråværet for helse og omsorg har ein jamn auke samanlikna med fjoråret. Særskilt langtidsfråværet har auka. Einingane har kartlagt årsak til sjukefråvær. Dette er ulikt frå eining til eining.

Det høge sjukefråværet er alvorleg og må fylgjast opp. I møte med HVT og HV uttrykkjer dei at dei tilsette er slitne og at vikarmangel er ein stor faktor til kvifor fleire er sjukemelde.

Vikarar er utfordrande få tak i, då dei som ynskjer å jobbe fullt har 100% stilling. Ved sjukefråvær vert det likevel dei faste tilsette som må dekke fråværet, i mangel på vikarar. Noko som ikkje er heldig for belastninga over tid. Dette resulterer i at når nokon vert sjukmeldt, vert dei ofte sjukmelde for ein lang periode.

5 Tenestene

Viktige tiltak som er gjennomført i tenestene i 2023:

Helse og omsorg	
Arbeid med reforma Leve heile livet	Arbeid med handlingsplan for reforma Leve heile livet. Helse og omsorg deltek i arbeidsgruppe. Aldersvenlege lokalsamfunn. Deltaking på konferanse der tema var overgang til ny reform (Bu trygt heime).
Velferdsteknologi	<p>Heimetenesta fekk sine første multidose-leveransar i februar-23, og miljøtenesta og psykisk helse fekk på slutten av året. Dette var ein viktig milepåle for vidare arbeid med utprøving og innføring av multidosedispenser.</p> <p>Alle tryggleiksalarmar og tilhøyrande sensorteknologi vart skifta frå 2G-teknologi til 4G, ein viktig jobb før 2G-nettet skal sløkkjast i 2025.</p> <p>Vi har testa ut og sett lokaliseringsteknologi/GPS i drift, og vi har også testa ut kameratilsyn.</p> <p>For barn/unge er det auka fokus på bruk av «Samspill» som samhandlingsverktøy, og det er kjøpt inn VR-teknologi for trening med fysio/ergo.</p>

	<p>6 tilsette på tvers av einingane fullførde velferdsteknologien ABC våren-23.</p> <p>Ressursgruppa deltok på brukarforum med Alarmsentralen og NetNordic Omsorg.</p>
Velferdsteknologi til barn og unge	<p>Fjaler er ein av fleire spydspisskommunar i e-helse Vestland sitt program for Velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting. Programmet er ein del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram NVP, med varigheit ut 2024.</p>
Kompetanseheving	<p>Det er laga utkast til kompetanse- og rekrutteringsplan.</p> <p>Vi har i løpet av 2023 to nye helsefagarbeidarar, og tre som er i lærlingeutdanningsløpet. Utdanninga er både som lærling via vidaregåande skule, og som utdanning frå vaksen tilsett.</p> <p>Vi tek inn to nye lærlingar kvar haust.</p> <p>Tre grupper med ABC-kompetanseheving har pågått i 2023.</p> <p>Internundervisning innan lindrande behandling, velferdsteknologi og avvikshandtering i fleire einingar.</p> <p>Felles basisopplæring for ferievikarar, og evaluering etter avslutta sommarjobb.</p> <p>NAV Fjaler</p> <ol style="list-style-type: none"> 1.NAV - Modulbasert opplæring relasjonskompetanse. 2.Statsforvaltaren – kvalifiseringsprogrammet (KVP), kursdagar med fagopplæring og eigenevaluering av bruk av KVP lokalt.
Rehabilitering og habilitering	<p>I helsestrategiplanen er rehabilitering og habilitering nokre av dei viktigaste prioriteringsområda for at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogleg.</p>
Nettverk på tvers av kommunegrense	<p>Kommunalsjef nettverk, Samhandling innan dei ulike NAV kontora, HAFS barnevern.</p>
Oppvekstreforma – førebyggjande plan for barn og unge	<p>Det har vore mykje fokus på oppvekstreforma som tredde i kraft i 2022. Gjennom eit tett samarbeid mellom HAFS- kommunane er det laga ein plan for å innføre reforma. Planen til Fjaler kommune vart handsama politisk i november 2023.</p>
Barnekoordinator	<p>Tenesta er starta og vi er i gang med arbeidet. Dette er ei ny teneste som no er lovpålagd.</p>
Samhandling mellom kommunen og spesialisthelsetenesta	<p>Tenestesamhandling mellom Helse Førde og NAV-region Sunnfjord.</p> <p>Arbeid med helsefellesskap, gode pasientforløp og evaluering av samhandlingsavtaler.</p> <p>Miljøtenesta har eit løpande samarbeid med vaksenhabiliteringstenesta innan kap. 9 og miljøarbeid.</p>
Handlingsplan for sjølvmoedsførebyggjande arbeid	<p>Kommunen har gjennomført vedtekne tiltak og fått auka kompetansen hjå fleire tilsette.</p>

Multidose	Mange brukarar har fått multidose. Har som mål å melde inn fem nye brukarar av multidose i månaden.
-----------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------

6 Kostra

Heimetenesta:

	2022	2023
Helsehjelp i heimen	150 brukarar	156 brukarar
Praktisk bistand	60 brukarar	57 brukarar
Dagopphald på sjukeheim	22	31
Omsorgsbustader	21 bustadar, alle i bruk	22 bustadar, alle i bruk Ny bustad i Svehogen i 2023
Dosetter	80	70
Multidose		27

Heimetenesta har ein auke i tal brukarar i 2023, dette i tråd med helsestrategiplanen. Mange brukarar, spesielt busette i omsorgsbustadar, treng tett oppfølging med fagkompetanse grunna fallande funksjonsnivå.

Vi jobbar etter BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå) og har hatt fokus på rehabiliteringsopphald på sjukeheimen, dette med godt resultat, brukarar klarar seg da lenger heime.

Sjukeheim:

	Fjaler 2022	Fjaler 2023	Kostra 2023
Brutto driftsutgifter per sjukeheims plass	995 683	1 077 610	1 518 951

Samanlikna med både KOSTRAGruppa og landet, har vi svært låge kostnader per sjukeheims plass.

Fjaler sjukeheim har 35 pasientrom, og i tillegg 5 rehabiliteringshyblar.

Dekningsgrad	2020 (36 rom)	2021 (36 rom)	2022 (35 rom)	2023
Dekningsgrad totalt på institusjon	95,8 %	89,66 %	80,4%	71,9%
Dekningsgrad totalt på institusjon + rehab.hybler	85,3%	84,70 %	80,9 %	64,9%
Avlastningsdøgn			562 døgn	620 døgn

Korttidsopphald	33 opphald (Av desse var 27 rehabiliterings opphald)	50 opphald (Av desse var 30 rehabiliterings opphald)	96 opphald (av desse var 68 rehabiliteringsopp hald)	54 opphald (av desse var 42 rehabiliteringsopp hald)
Fast opphald	21 brukarar	21 brukarar	29 brukarar	25 brukarar
Venteliste fast opphald	10 brukarar	Under 5 brukarar	1 brukar	0 brukarar
Overliggedøgn i spesialisthelsetenesta	0 døgn	1 døgn	0 døgn	0 døgn
Kjøp av institusjonsplass i andre kommunar	0 %	0%	0%	0%
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim	Fjaler: 15,2% Vestland : 12,2% Landet u/Oslo : 11,2%	Fjaler: 10,4% Landet u/Oslo: 10,8%	Fjaler: 10,9% KOSTRAGruppe 05: 11,8%	Fjaler: 10,1% KOSTRAGruppe 5: 11,5%
Middagsombering	35 innbyggjarar	42 innbyggjarar	55 innbyggjarar	64 innbyggjarar

Sjukeheimen har ein veldig låg kostnad samanlikna med kommunar i same KOSTRA gruppe. Dette er grunna langvarig jobbing etter BEON (beste effektive omsorgsnivå)-prinsippet over lengre tid. Bemanninga er tilpassa tal pasientar og ein får nytta ressursane på ein god måte.

Miljøteneste:

	Kommentar	2020	2021	2022	2023
	Inkl. barn/unge	41 brukarar	45 brukarar	48 brukarar	49 brukarar
Omsorgsbustad	8 husvære i bufellesskap	15 kommunale bustadar	15 kommunale bustadar	15 kommunale bustadar	15 kommunale bustadar
Barn og unge		13 personar	17 personar	20 personar	19 personar
Støttekontakt		7 personar har innvilga støttekontakt	7 personar har innvilga støttekont.	5 personar	5 personar
Dagsenter Vevang	Mange har redusert tilbod grunna alder	11 personar	11 personar	11 personar	11 personar

Tilsyn alle vakne timar av ein eller to tenesteytarar inkludert BPA		8 personar	8 personar	8 personar	8 personar
VTA, arbeidstilbod Vevang produksjon	Fleire har redusert tilbod grunna alder	12 personar har arbeidstilbod der	13	13	12

Auka behov både når det gjeld somatikk og miljøarbeid som gjev auka omfang av tenester.

Helseteneste:

Psykisk helse	2021	2022	2023
Tal innbyggjarar med tenester frå psykisk helse	32	39	45

Tal innbyggjarar med tenester frå psykisk helse har auka.

Helsestasjon	2020	2021	2022	2023
Tal fødsjar	22	28	27	20

FysioErgo-tenesta	2020	2021	2022	2023
	3.tertial			
Tal brukarar med individuell fysio-og frisklivsoppfølging.	243	268	289	311
Tal konsultasjonar v. kurativ fysioterapi, friskliv, re- og habilitering, heimebehandling/kvardagsrehabilitering	2731	3615	3120	2936
Tal tilviste hjelpemiddelsaker	115	129	102	131

Barneverntenesta:

	Fjaler 2022	Fjaler 2023	KOSTRAGruppe 5
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	7005 kr	8553kr	12639 kr
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	3,0 %	2,5%	4,2
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	3,6 %	2,5%	4,2
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	19,3 barn	14 barn	13 personar
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar	96 %	74%	93%

Barneverntenesta i HAFS har betydeleg lågare driftsutgifter per innbyggjar enn for kommunar i same KOSTRAGruppe.

Barnevernet ser at sakene ein får vert meir komplekse. Dette er resurskrevjande.

NAV:

NAV Fjaler – indikatorar	2020	2021	2022	2023
Tal søkjarar til sosialhjelp - familiemedlemmer er ikkje medrekna	43	40	47	55
Mottakarar av sosialhjelp utover 6 månader - også mottakarar av supplerande stønad	8	4	10	14
Mottakar av økonomisk sosialhjelp 18 – 24 år	3	0	2	7
Barn i familiar med økonomisk sosialhjelp	25	32	29	30
Kvalifiseringsprogrammet (KVP) – tal deltakarar - måltal 3,1 frå Statsforvalteren	1	4	2	2
Nye vedtak økonomisk rettleiing/gjeldsproblem - § 17 vedtak Lov om sosiale tenester i NAV	14	6	6	6

Det er framleis ein auke i tal søkjarar til økonomisk sosialhjelp. Fleire slit økonomisk over tid og har i tillegg behov for økonomisk rettleiing.

Barneperspektivet er viktig i oppfølging av familiar, det er 15 familiar med sosialhjelp i 2023.

Det er ein markant auke i ungdomsgruppa, men i hovudsak for ein kort periode i overgang mellom aktivitet, skule eller arbeid.

Tal vedtak økonomisk rettleiing burde ha vore høgare, kontoret har ikkje kapasitet til følgje opp alle behov.

7 Andre nøkkeltal

	2022	2023
Krisesenter totale kostnader	Kr 322 000	331 211
Kommunal akutt døgneining (KAD)	Kr 1 296 000	1 395 960

Kommunal akutt døgn seng i Førde: Lovpålagt døgnteneste som alle kommunar må tilby, jf. HOL § 3-5 tredje ledd. Teneste for pasientar som treng observasjon og behandling, men ikkje spesialisert behandling i sjukehus. Vi samarbeider med fleire kommunar og vi har totalt 8 plassar saman. Fjaler brukar desse plassane svært lite.

	2022	2023
Legevakt (SYS IKL)	2 442 066	2 518 228

Samarbeid mellom fleire kommunar om legevakt på kveld, helg og høgtider. Kostnadane knytt til legevakt har auka kraftig over mange år.

8 Utfordringar framover

Rekruttering	<p>Vi hadde ledig to stillingar for legar og ledig 50 % stilling psykolog i heile 2023.Vi har hatt legevikar heile året.</p> <p>Barnevernstenesta har vanskar med å rekruttere sosialfagleg kompetanse.</p> <p>Vi vil få stort behov for helsefagarbeidarar framover grunna høg alder på mange tilsette i fleire einingar. Utfordringar i høve rekruttering av sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og vernepleiarar.</p>
Kompetanse	<p>Mange einingar innan helse og omsorg må arbeide aktivt for å auke kompetansen i tenestene.</p> <p>I barnevernstenesta vil det frå 2031 vere krav om master eller 4 års erfaring med tilleggsutdanning. Dette vil krevje ekstra innsats då det framover vil til ei kvar tid vere nokon under utdanning.</p>
Arealutfordringar/ lokale for helsetenester	<p>Jobbar med forprosjekt for omsorgsbustader og leige lokale i gamle bankbygget for legekantor, psykisk helse og helsestasjon.</p>
Auka i tal søknadar økonomisk sosialhjelp og behov for økonomisk rettleiing/gjeldsrådgiving	<p>Høge og aukande prisar fører til aukande behov for sosialhjelp. I tillegg er det auka i tal flyktingar som ikkje er i arbeid eller utdanning ved avslutta introduksjonsprogram.</p>
Demensomsorg	<p>Satsingsområde i fleire einingar.</p>
Habilitering/rehabilitering	<p>Satsingsområde i fleire einingar.</p>

Oppvekstreform	Oppvekstplanen blei godkjent i kommunestyret i november 2023. Gjennomføringa av oppvekstplanen blir praktisert gjennom eit eige BTI prosjekt. Prosjektet har ei tidsramme på 2 år i fyrste omgang.
Leve heile livet -reform	I samarbeid med Frivilligsentralen vart det arrangert julemiddag på Samvirket. Det jobbast med oppretting av besøksven. Det er henta inn erfaringar frå andre kommunar for å styrke det frivillige arbeidet. Leve heile livet-reforma vil gå over til ei «Bu trygt heime»- reform i 2024.
Utvikling av heimetenesene	Heimetenesta ser ein auke ikkje berre i tal tenester, men og i behov for auka kompetanse. Vi ser at pasientar vert raskare skrivne ut frå sjukehus med større hjelpebehov enn tidlegare. Det vil bli fleire heimebuande som treng tettare oppfølging. Dette fører til behov for fleire tilsette med rett kompetanse, samt tettare samarbeid med sjukeheim/fysioterapi i høve opptrening og rehabiliteringsopphald.

5.3 Tekniske tenester

1 Om Sektoren

Teknisk kontor består av teknisk kontor, reinhaldssentralen, driftssentralen og brannvesenet.

2 Overordna mål

Teknisk skal bidra til at Fjaler er ei god og trygg plass å bu og yte gode og forsvarlege tenester

- Oppdaterte planverk som legg til rette for utvikling og som ivaretek innbyggjarane sin samfunnstryggleik. Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap
- Effektiv drift og forvaltning av tenester
- Tilpasse forvaltning og drift til forventta klimaendringar og miljøomsyn

4 Økonomi

	2022	2023
Rekneskap	22 361	24 917
Budsjett	20 427	24 574
Avvik	1 934	343

4.1 Årsresultat

Teknisk har samla sett eit overforbruk på 343 000 (1,4%) som fordeler seg slik:

Teknisk kontor	- 407
Reinhald	- 560
Teknisk drift	641
Sjølvkostområda	669

For teknisk kontor er det ei samla innsparing som i hovudsak kjem av meir inntekter på byggesaksgebyr enn budsjettert. Budsjett vart justert ved 2 tertial, men samla inntekt vart likevel høgare enn opprinneleg budsjett. Hadde og ei innsparing på lønnskostnadar på plan sidan stillinga var ubemanna i 3 månadar. Brannvesenet har hatt noko høgare lønnskostnadar enn budsjettert.

Reinhald har samla mindreforbruk på mange av tenesteområda. Innsparing i hovudsak på lønnskostnadar mellom anna grunna mangel på vikarar. Kostnadar til forbruksmateriell har auka og er ein god del over budsjett på enkelt områder. Ein ser og at forbruket av mellom anna tørkepapir har auka vesentleg på enkelte einingar.

Teknisk drift har eit samla meirforbruk på kr 641 000 og det skuldast høge kostnadar til:

- nødvendig vedlikehald av kommunale bygg fordelt på dei ulike formålsbygga, spesielt skule og institusjon
- høge kostnadar til reperasjon av veglys.
- Lang vinter gav høge kostnadar med brøyting, strøing og strøsand

Sjølvkostområde har eit meirforbruk for vatn og avløp som følgje av høge kostnader til straum, vannlekkasje, avgifter for tømning av septiktankar, filterbyte reinseanlegg, forsikringskrav, og nødvendige reperaturar av pumper og leidningsnett.

3 Bemanning og kompetanse

4.1 Årsverk

Teknisk kontor: 8 tilsette

Driftssentralen: 5 tilsette

Reinholdssentralen: 10 tilsette fordelt på 9,65 årsverk + tilkallingsvikarar

Brannvesenet: Deltid. Brannsjef ligg under teknisk kontor.

Dialog med Sunnfjord kommune om samarbeidsavtale innan brann og redning. Har og hatt samarbeid/innleige av Kinn brann og redning til gjennomføring av branntilsyn på særskilte brannobjekt.


4.2 Rekruttering og kompetanse

Rekruttering av reinholdarar, spesielt vikarar, har vore utfordrande dei siste åra. Det er og få kvalifiserte søkjarar til ingeniørstillingar på kontoret. Ein ser og at ein «taper» tilsette til private bedrifter ofte med årsak i eit mykje høgare lønnsnivå.

4.3 Sjukefråvær – Status og tiltak

	Samla fråvær	Fråvær korttid	Fråvær langtid
Teknisk 2021	8,81	1,87	6,94
Teknisk 2022	7,08	1,86	4,32
Teknisk 2023	7,09	2,52	4,56
Fjaler 2023	9,51	2,64	6,87

Samla sjukefråvær for teknisk er likt som for 2022, men har gått ned samanlikna med 2021. Det ligg og godt under snittet for Fjaler. Kortidsfråværet har auka, og langtidsfråværet har gått noko opp frå 2022, men har gått ned sidan 2021. Nokre av einingane har store prosentutslag grunna få tilsette. Sjukefråværet har over tid vore størst innan reinhold. Ein ser ein positiv nedgang i sjukefråværet på reinhold som er svært bra der det har vore ekstra fokus på tiltak for å redusere sjukefråværet dei siste åra. Utfordringa er størst for langtidsfråværet og korleis jobbe meir målretta med tiltak for å redusere fråværet.



Tiltak for å førebygge og redusere sjukefråværet:


- Kurs i ergonomi og reinholdsteknikk
- Innkjøp av golv vaskemaskiner
- Auka fokus på sjukefråværsarbeid på personalmøter
- Tett oppfølging og dialog med dei tilsette
- Auka fokus på oppfølgingsplan med tilretteleggingstiltak og dialogmøter med NAV og lege

5 Tenestene

- Utbygging av breiband
- Ferdigstilling og innflytting i Samvirket
- Kommuneplanen sin arealdel – 4 høyring og utarbeiding av framlegg til vedtak
- Detaljregulering av bustadområde på Bjerga
- Hovudplan for VAO (vatn, avløp og overvatn)
- Forstudie omsorgsbustadar
- Rehabilitering av bruer
- Opptak til kommunal veg
- Nye kontraktar vintervedlikehald
- Oppdatering av heimesida
- Digitaliseringsarbeid
- Kurs og kompetanseheving
- Prosjektstyring og bruk av PLP metodikk


6 Kostra

Produktivitet - Behandlede byggesøknader i alt (antall)



	2020	2021	2022	2023
Fjaler		72	55	53
Kostragruppe 05	3 489	4 012	3 319	2 799


Produktivitet - Behandlede dispensasjonssøknader (antall)



	2020	2021	2022	2023
Fjaler		28	37	47
Kostragruppe 05	710	888	781	561

Tal byggesaker har vore stabilt siste åra, men ein ser at tal handsama dispensasjonssaker har auka. Grunna ein utdatert kommuneplan må dei fleste byggesakene og handsamast som dispensasjon. Praxis for kva saker som krev dispensasjon har og blitt vesentleg innstramma dei seinare åra. Ny arealdel vil truleg gje mindre tal dispensasjonar og ei enklare handsaming. Tabellen under viser og at prosentdelen av byggesaker som må handsamast som dispensasjon har auka.


Kvalitet - Andel av innvilgede byggesøknader som medførte vedtak om



Dispensasjon fra plan (prosent)

	2020	2021	2022	2023
Fjaler		38,9	47,3	88,7
Kostragruppe 05	16,6	17,8	18,5	18,1

Kvalitet - Dispensasjonssøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)



	2020	2021	2022	2023
Fjaler		106	69	62
Kostragruppe 05	42	50	42	43

Ein har hatt eit etterslep på byggesak der ein har hatt lang sakshandsamingstid på saker som og har medført gebyrtap. Kostra tala viser at ein har eit ein god nedgang i sakshandsamingstida, men det er framleis potensiale for ytterlegare nedgang i sakshandsamingstida. Ny arealdel vil truleg gje mindre tal dispensasjonar og ei enklare handsaming.

7 Andre nøkkeltal

Vatn

Etterkalkylen for 2023 viser et underskudd lik kr 345 323. Ved utgangen av året er selvkostfondet lik kr 1 774 190. Selvkostreglene forutsetter at over- og underskudd normalt skal tilbakeføres eller dekkes inn i løpet av fem år

Avløp

Etterkalkylen for 2023 viser et underskudd lik kr 234 783. Ved utgangen av året er selvkostfondet lik kr 685 983. Selvkostreglene forutsetter at over- og underskudd normalt skal tilbakeføres eller dekkes inn i løpet av fem år.

Feiing

Etterkalkylen for 2023 viser et underskudd lik kr 48 341. Ved utgangen av året er selvkostfondet lik kr 421 781. Selvkostreglene forutsetter at over- og underskudd normalt skal tilbakeføres eller dekkes inn i løpet av fem år

Private planforslag

Etterkalkylen for 2023 viser at gebyrområdet subsidieres med 83 699 kr. I tråd med selvkostforskriften har ikke kommunen anledning til å fremføre systematiske underskudd for gebyrer etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven eller matrikkelloven. Eventuelle underskudd på gebyrområdet må dermed subsidieres over kommunekassens frie midler, ved mindre kommunen allerede har opparbeidet seg et selvkostfond

Byggesak

Etterkalkylen for 2023 viser at gebyrområdet subsidieres med 715 291 kr. I tråd med selvkostforskriften har ikke kommunen anledning til å fremføre systematiske underskudd for gebyrer etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven eller matrikkelloven. Eventuelle underskudd på gebyrområdet må dermed subsidieres over kommunekassens frie midler, ved mindre kommunen allerede har opparbeidet seg et selvkostfond.

Oppmåling

Etterkalkylen for 2023 viser at gebyrområdet subsidieres med 712 643 kr. I tråd med selvkostforskriften har ikke kommunen anledning til å fremføre systematiske underskudd for gebyrer etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven eller matrikkelloven. Eventuelle underskudd på gebyrområdet må dermed subsidieres over kommunekassens frie midler, ved mindre kommunen allerede har opparbeidet seg et selvkostfond

Samlet etterkalkyle 2023


Etterkalkylene for 2023 er basert på regnskap datert 1. februar 2024.

Etterkalkyle selvkost 2023	Vatn	Avløp	Felling	Private planforslag	Totalt
Direkte driftsutgifter	2 317 137	2 205 824	412 623	80 648	5 016 232
Avskrivningskostnad	674 337	411 714	0	0	1 086 051
Kalkulatorisk rente (4,3 %)	373 158	428 531	0	0	801 689
Indirekte driftsutgifter (netto)	84 419	86 054	3 439	2 906	176 818
Sjåblongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	4 221	4 303	172	145	8 841
Driftskostnader	3 453 272	3 136 426	416 234	83 699	7 089 631
+ Tilskudd/subsidiering	0	0	0	83 699	83 699
- Øvrige driftsinntekter	-23 450	0	0	0	-23 450
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	3 429 822	3 136 426	416 234	83 699	7 066 181
Gebyrinntekter	3 084 499	2 901 643	367 893	0	6 354 035
Selvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	-345 323	-234 783	-48 341	-83 699	-712 146
Finansiell dekningsgrad i %	90 %	93 %	88 %	0 %	90 %

Selvkostfond 01.01	2 039 321	887 675	451 753	0	3 378 749
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	-345 323	-234 783	-48 341	0	-628 447
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	80 192	33 091	18 369	0	131 652
Selvkostfond 31.12	1 774 190	685 983	421 781	0	2 881 954

Etterkalkyle selvkost 2023	Bygge- og delesak	Oppmåling		Totalt
Direkte driftsutgifter	1 787 123	1 089 398		2 876 521
Avskrivningskostnad	27 745	0		27 745
Kalkulatorisk rente (4,3 %)	4 172	0		4 172
Indirekte driftsutgifter (netto)	115 577	27 749		143 326
Sjåblongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	5 779	1 387		7 166
Driftskostnader	1 940 396	1 118 535		3 058 930
+ Tilskudd/subsidiering	715 291	712 643		1 427 934
- Øvrige driftsinntekter	-117 162	0		-117 162
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	1 823 234	1 118 535		2 941 768
Gebyrinntekter	1 107 943	405 891		1 513 834
Selvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	-715 291	-712 644		-1 427 934
Finansiell dekningsgrad i %	61 %	36 %		51 %

Selvkostfond 01.01	0	0		0
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	0	-0		-0
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	0	0		0
Selvkostfond 31.12	0	0		0



7 Utfordringer framover

Ei gjentakande utfordringar er drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det har vore lite ressursar innan teknisk dei siste åra til å følgje opp denne forvaltninga. Budsjetttramma er auka noko, men det er eit stort etterslep på vedlikehald og mange bygg har behov for større rehabilitering. Høge kostnader til vintervedlikehald gjev mindre til sommarvedlikehald.

Teknisk sitt saks- og ansvarsområde blir stadig større med nye oppgåver samt fleire og strengare krav til oppfølging og utredningar. Det er mange omfattande enkeltsaker som tek mykje tid og er krevjande å følgje opp. Det er og ressurskrevjande å følgje opp alle prosjekt og saker på ein god måte og innafor ei rimeleg sakshandsamingsti

5.4 Fellestenester og landbruk

1 Om Sektoren

I denne sektoren ligg fellestenester for kommunedirektøren og utgifter til interkommunalt landbrukskontor.

Ansvar 100 – kommunedirektøren består av administrativ leiing, økonomikontor, personal og organisasjon, tillitsvalde, tilskot til regionråd og politisk leiing. I tillegg ligg overføring av tilskot til kyrkja og kjøp av fellestenester knytt til ikt, juridisk bistand, næringsutvikling, konsesjonskraft, revisjon og sekretariat tenester knytt til kontrollutvalet.

Landbruk er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Askvoll (40%), Fjaler (40%) og Hyllestad (20%) der Askvoll er vertskommune.

2 Overordna mål

Fjaler kommune skal som organisasjon og arbeidsgjevar skal jobbe målretta for å

- vere ein veldriven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde brukarar, tillitsvalde og folkevalde
- Jobbe for ein sunn og bøkraftig økonomi

Tiltak for å nå måla:

- Vere ein attraktiv arbeidsgjevar med solid omdøme
- Rekruttere tilsette med fag- og høgskuleutdanning
- Vere ein inkluderande arbeidsplass med fokus på eit godt arbeidsmiljø og gode tenester
- Førebygge sjukefråvær og legge til rette for kompetanseheving og styrking av kvar enkelt medarbeidar sitt utviklingspotensiale
- Vidareutvikle eksisterande interkommunale samarbeid og jobbe vidare for utvikling av nye samarbeid
- Effektivisere tenestene og ha eit kontinuerleg fokus på forbetringar i eigen organisasjon

3 Økonomi

	2022	2023
Rekneskap	7 684	571
Budsjett	10 062	1 872
Avvik	-2 378	-1 300

Årsresultat:

Opprinneleg budsjett på tenesteområdet var kr 18,7 mill., men dette er justert ned gjennom året. På denne sektoren ligg heile potten til lønsauke på kr 5,3 mill., denne vert justert ned og fordelt ut på einingane etter at resultatet er klart. Som ein konsekvens av det høge oppgjeret og store reguleringspremiar til livselskapa fekk vi eit rekordstort positivt premieavvik i 2023. Dette blir inntektsført på denne sektoren medan einingane får tilsvarande auke i sine driftsbudsjett. Det betyr at fellestenester har eit revidert budsjett som syner ein netto kostnad på kr 0,57 mill., vesentleg

lågare enn opprinneleg budsjett. Samla kjem sektoren ut betre enn budsjett med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1,3 mill. for 2023.

4 Bemanning og kompetanse


4.1 Årsverk

Tenesteområde	Årsverk	Tal tilsette
Administrativ leining	3	3
Økonomiforvaltning	2	2
Personal og organisasjon	5	6
Tillitsvald og verneombod	0,65	3
Sum	10,65	14

4.2 Rekruttering og kompetanse

Framover vi utfordringane for heile kommunen vere å rekruttere og behalde nok og rett kompetanse. Tenestebehovet framover vil auke, men vi vil ikkje ha tilgang til tilstrekkeleg kompetanse dersom vi ikkje organiserer tenestene på andre måtar.

4.3 Sjukefråvær – Status og tiltak



Sektoren har eit sjukefråvær på årsbasis på 3,22%, dette er ei auke frå 2022 då vi hadde eit sjukefråvær på 2,56

Generelt er det lite fråvær på denne sektoren. Her er få tilsette på området samanlikna med dei andre sektorane. Det betyr at ein person utgjer ein stor % endring. Sjukefråværet på sektoren ligg langt under snittet for kommunen og landet samla sett.

5 Tenestene

Her blir kommentert aktivitetar utover ordinær drift som har vore fokusområde i 2023

Aktivitet	Kommentar
Innføring nytt kvalitetssystem	Vi gjennomførte anbodskonkurranse og Netpower var valt som leverandør av nytt kvalitetssystem. Vi starta arbeidet med bygging av struktur og kjem til å jobbe med dette prosjektet gjennom heile 2024.
Kommuneval	Det vart gjennomført kommuneval i 2023. Dette involverer fleire, men spesielt politisk sekretariat. Val er alltid tidkrevjande for ein liten administrasjon.
Innføring nytt krisestøtteverktøy	Dette er kommunen sitt system for å handtere kriser, her loggfører vi, samhandlar med andre kommunar, statsforvaltarar og andre som etatar som er ein del av krisehandteringa. DSB kørde felles anbod for alle og systemet RAYVN vart valt. Vi starta arbeid og opplæring haust 2023. Innføringa lokalt med opplæring av interne brukarar er ikkje slutført.
Oppstart bygge intranett	I desember 2023 starta ei lita gruppe å jobbe med oppbygging av intranett i Teams for Fjaler kommune. Dette skal vere klart før sommar 2024.
Framsikt	Kommunen har teke i bruk Framsikt, men det er framleis mykje å jobbe med i systemet. Det vi ser er at systemet har høg brukarterskel og vi har brukt mykje tid på opplæring og kvalitetssikring. Vi har framleis ikkje teke i bruk modulen for verksemdstyring og politikk.

6 Kostra

Når vi tar ut kostra-tal justerer vi for utgiftsbehovet til kommunane. Det vil sei at vi korrigerer for at kommunar har ulike utfordringar og ulik befolkningssamansetjing. Kommunar med ein høg andel eldre vil få meir midlar til eldreomsorg enn kommunar med ein yngre befolkning osv.

Utgangspunktet er at snittet for Norge er 100% eller 1. Fjaler kommune har i 2023 eit utgiftsnivå/ indeks på 126,3 Det betyr at kommunen er 26,3 % dyrare enn snittet av kommunane i Norge.

Under ser de utviklinga av indeksen til Fjaler kommune. Vi har i heile perioden vore dyrare å drive enn snittet av kommunane vi samanliknar oss med. Det som er positivt er at utviklinga syner at kommunen skal ha blitt billegare å drive sidan år 2020.

	2020	2021	2022	2023
Fjaler	1,307	1,295	1,278	1,263
Kostragruppe 05	1,152	1,151	1,149	1,146

Administrasjon Styring og fellesutgifter

	Fjaler 2022	Fjaler 2023	Kostragruppe 05
Prioritet			
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	5 705	6 354	6 238
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	349	401	685
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	363	417	265
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	782	688	911

*) Talq er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Talq er justert for ulikt utgiftsbehov

Det er vanskeleg å finne gode kostra-tal på administrasjon, med har valt ut nokre for tenestområdet.

Brutto driftsutgifter knytt til administrasjon, her har vi hatt ein stor auke frå 2022. ein stor del av årsaka til det er den høge lønsveksten. Fleire innafor administrasjon fekk lønsauke utover 5,3%. I tillegg har vi hatt stor auke i kostnader til ikt. Vi ligg no omtrent på nivå med kostra-gruppa.

Administrasjonslokale gjeld Fjalerhuset. Her har vi auke frå 2022-2023. Dette skuldast at vi i 2022 hadde ein veldig gunstig straumavtale, det hadde vi ikkje i 2023. Vi brukar lite på vedlikehald på området, det er nok hovudforklaringa på at vi ligg såpass langt under snittet i gruppa når det kjem til kostnader på området.

Kontroll og revisjon, her ligg utgifter til revisjon og kontrollutval med sekretariat. Historisk sett har vi alltid drevet dette området dyrare enn kostra-gruppa. Noko av årsaka kan vere at Vestland revisjon og Sekom som vi kjøper tenester frå er interkommunale selskap. Andre kommunar kjøper tenestene i marknaden.

Historisk har vi drevet politikk noko dyrare enn kostra-gruppa, men dette har no endra seg og Fjaler kommune brukar no mindre enn kostra-gruppa. Vanskeleg å sei kva årsaka er. Det kan vere at samansetjinga av dei nye politiske organa er billegare. Dersom vi har mange «eigne» kommunalt tilsette politikarar vil det påverke kostnadane positivt.

Næringsforvaltning og konsesjonskraftinntekter

	Fjaler 2022	Fjaler 2023	Kostragruppe 05
Prioritet			
Kommunal næringsvirksomhet brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	134	130	504
Grunnlagsdata (Nivå 3)			
Konsesjonskraft, kraftrettigh. og videresalg nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr) *)	-432	-665	-683 395

Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto driftsutgifter beløp (1000 kr *)

1 836

844

177 212

Dei siste åra har Fjaler kommune brukt lite ressursar på Næringsutvikling. Dette heng saman med at vi ikkje lenger yter driftstilskot til Fjaler Næringsutvikling. Det pågår no eit prosjekt som ser på korleis vi skal organisere næringsarbeidet i kommunen. Her er det ikkje konkludert. Framover vil dette vere eit område der kommunen får auka kostnader.

Konsesjonskraftinntekter: Her ligg kommunen langt under snittet i kommunegruppa, det heng saman med at mange av kommunane i gruppa er kraftkommunar med store inntekter. Fjaler kommune har hatt ein auke i sine inntekter, dette gjeld sal av konsesjonskraft knytt til kraftverket i Hålandsfossen. Årsaka til auken er utviklinga i kraftmarknaden, straum er blitt eit knappheits gode og det blir reflektert i salsprisane.

Tilrettelegging og bistand for Næringslivet: Her blir utbetalingar frå Næringsfondet ført. Vi har ein stor nedgang i perioden. Fjaler kommunen får ikkje lenger tilført midlar til næringsfondet, vi set heller ikkje av eigne midlar til føremålet. Det står ein rest att på fondet, men midlane er knytt til eldre tilsegn og blir utbetalt i takt med at prosjekt/ tiltak vert ferdigrapportert. Det betyr at vi fromver ikkje kjem til å ha kostnader på dette tenesteområdet.

Kirke


	Fjaler 2022	Fjaler 2023	<u>Kostragruppe 05</u>
Prioritet			
Gravplasser-brutto investeringsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	4,5 %	4,1 %	2,0 %
Kirke brutto driftsutgifter beløp pr innb. (kr) *)	1 322	1 325	1 239
Dekningsgrad			
Medlem og tilhørige i <u>Dnk</u> i prosent av antall innbyggere B	73,5 %	73,4 %	76,5 %

Gravplass – Brutto investeringsutgifter: Årsaka til at vi brukar meir enn kostra-gruppa til dette føremålet er forprosjekt på gravplass som har gått over fleire år.

Historisk har Fjaler lege over kostra-gruppa når det gjeld kostnader knytt til Kyrkja. Brutto driftsutgifter aukar og ligg framleis godt over gruppa. På same tid er det ein liten nedgang i medlemsmasse og vi ligg under snittet for gruppa når det gjeld andel av befolkning som er medlem. Det at vi har mindre tal medlemmar enn snittet bør tale for at vi skulle brukt mindre ressursar enn kostra-gruppa på området.


Landbruk

Utgiftsbehov og kriteriedata



	Fjaler	Kostragruppe 05
Indeks landbrukskriteriet (100%)	507,8 %	385,2 %
Utgiftsbehov - Landbruk (sum)	507,8 %	385,2 %

Utgiftsbehovet til kommunen på Landbruk er langt høgere enn landet og kommunegruppa. Dette heng saman med at Fjaler er ein jordbrukskommune og primærnæringa har vor ein stor del av sysselsetjinga i kommunen. Dersom ein justerer for Fjaler sitt kostnadsnivå driv vi framleis dyrare enn kostra-gruppa. I tillegg til landbruk har kontoret oppgåver knytt til skogbruk, viltforvaltning, miljøforvaltning og vassforvaltning.



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	140	135	147	144
Kostragruppe 05	128	126	138	136

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Graf er justert med utgiftsbehov

8 Utfordringar fromover

Fjaler kommune har ein krevjande økonomi vi må ta omsyn til. Det er no starta eit omstillings-/ innsparingsarbeid i alle sektorar som skal sjå korleis på korleis vi kan optimalisere drifta og redusere

kostnader sånn at vi får ein berekraftig økonomi. Dette er viktig for at vi i framtida kan skape eit økonomisk handlingsrom. Dette arbeidet vil ha hovudfokus og vi håpar at delar vil vere klart til vi skal starte på økonomiplanarbeidet for 2025-2028.

5.5 Kultur og samfunnsutvikling

1 Om Sektoren

Kultur og samfunnsutvikling:

Består av folkebiblioteket, frivilligsentralen med BUA og 2 volontørar, folkehelsekoordinator og kulturkontoret. Frå 1. august 2023 vart også integreringstenesta ein del av denne sektoren.

Folkehelsekoordinator skal jobbe på tvers av alle sektorane. Stillinga har vore vakant store deler av 2023 grunna permisjon.

Integreringstenesta hadde to stillingar fram til 1.oktober då ein fekk inn to nye stillingar. Vi har hatt sjukemeldingar og har ikkje vore fulltalige.

2 Overordna mål

Vi arbeider etter hovudmåla i samfunnsplanen der særleg desse tre hovudmåla er viktige:

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap.
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad.
-

3 Økonomi

3 Økonomi kultur og samfunnsutvikling (500)

	2022	2023
Rekneskap	2 463	5 939
Budsjett	2 362	5 531
Avvik	100	407

3 Økonomi integrering (350)

	2022	2023
Rekneskap	-3 449	-4 146
Budsjett	-3 570	-6 503
Avvik	121	2 357

Årsresultat: Samla underskot kr 2,764 mill

Meirforbruket knyttar seg til kommunale idrettsbygg (ca 200 000) der det både var store utgifter knytt til ventilasjonsanlegget samtidig som ein hadde ein planlagt skifte av 4 garderobedører og eit ikkje planlagt skifte av resultattavle som plutsleg slutta å virke.

Det er også eit meirforbruk knytt til tenesta Kulturhus. Her gjorde vi ein ryddejobb før 2023 der ein flytta alle kulturhus – husa rundt Tusenårsstaden, Guddal grendehus, Straumnsnes grendehus og Samvirket over på denne tenesta. Dei ligg på ulik stad – og det vil verte riktigare rekneskapsmessig. Meirforbruket har ikkje ei enkel forklaring, men litt av det skuldast at Samvirket kom i drift i løpet av året utan at det var budsjettert driftskostnadar.

I tillegg er det fleire plussar og minusar som samla går meir eller mindre i balanse.

Kommentarar til integrering:

Dette er eit veldig stort avvik i forhold til budsjett. Det vart gjort justeringar knytt til tertial, men hadde for høge forventningar til at tilskot skulle halde seg på nivå med resten av året. Avviket skuldast at det er budsjettert nesten 1 mill for mykje på inntekter. Når vi i tillegg har eit meirforbruk på både administrasjon og etablering så burde dette sjølvsagt ha vore oppdaga før. Einingane fekk to nye tilsette 1. oktober som gjorde utslag, samt at det var fleire busettingar på slutten av året.

Basert på desse erfaringane håper vi at det skal vere betre kontroll i 2024 då ein har ansvar for heile året.

4 Arbeidsgjevar

4.1 Årsverk

1 årsverk knytt til Frivilligsentralen, 1 årsverk knytt til biblioteket og 1 årsverk knytt til Kommunalsjef/kulturkontoret. 1 årsverk som folkehelsekoordinator har hatt permisjon frå februar og ut heile 2023. 4 årsverk knytt til integrering frå 1. oktober 2023 (2 fram til det).

4.2 Rekruttering og kompetanse

Vi har hatt gode søknadar til stillingane vi har hatt ute og har ikkje hatt vanskar med å rekruttere.

4.3 Sjukefråvær- Status og tiltak

Vi har samla sjukefråvær på 7,48%.

Vi har både langtidssjukemelde og delvis sjukemeldte. Vi har god dialog med NAV og har god dialog om oppfølging. Med så få tilsette får ein ofte store utslag ved at ein person er sjukemeldt over tid.

5 Tenestene

Integrering:

Ein tok imot 20 flyktningar i 2023 . Det same talet som ein hadde vedtak på. Dette var både flyktningar frå Ukraina og overføringsflyktningar.

Det var viktig å tilføre eininga meir ressursar slik at ein kan jobbe betre på oppfølging. Det har vore noko lettare å få tak i bustadar dette året. Det har vore utfordrande å få personar med kollektiv beskyttelse ut i arbeid.

Integreringstenesta jobbar veldig tett opp mot andre einingar og har faste møte og samarbeidsavtalar med fleire. Det kan vera utfordrande for særleg barnehage og skule å ta imot barn som kjem midt i skuleåret.

Kulturkontoret:

Det har vore store endringar i kva område ein har ansvar for. 2022 var fyrste året ein hadde ansvar for folkehelse og samfunnsutvikling og frå august 2023 fekk ein inn integreringstenesta. Det er ei ganske fragmentert eining der ein jobbar opp mot ulike fagfelt.


Kulturkontoret føl opp Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og Kulturminneplanen. I tillegg har ein mange ulike prosjekt og bygg som ein føl opp. Særleg har Samvirket med oppfølging av finansiering og framtidig drift tatt tid.

Sjå eige årsmelding for Frivilligsentralen.

6 Kostra

Vi har plukka ut nokre statistikkområde for å vise korleis vi ligg an i forhold til Kostragruppa knytt til bruk på kultur. Tala viser at ein bruker mindre enn Kostragruppa . [Kultur og idrett](#)

Prioritet - Bibliotek brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2020	2021	2022	2023
Fjaler	343	381	364	383
Kostragruppe 05	542	574	565	566

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Kommentar: Bibliotek er eit område som har «stått i ro» i mange år. Vi har stabil og trygg drift – men ein ligg godt under Kostragruppa.

Dersom ein skulle gjort noko så er det å vurdere om ein skulle gå for meirope bibliotek.

Prioritet - Kommunale kulturbygg nettodriftingsutgifterbeløp pr innb (kr)




	2020	2021	2022	2023
Fjaler	58	64	64	76
Kostragruppe 05	427	459	470	469

**) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

Kommentar: Dette er eit område som er spennande å følgje med på no som vi har etablert Samvirket som kulturhus. Vi har også flytta andre kulturhus som Guddal grendehus, Straumsnes grendehus og husa rundt Tusenårsstaden til same teneste. Per no så ligg vi veldig lågt samanlikna med kostragruppa, men vi har enno ikkje hatt eit heilt år med drift i Samvirket.

Prioritet - Kultursektoren, kommune nettodriftingsutgifterandel av totale utgifter (prosent)



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	7,5 %	3,4 %	2,2 %	3,3 %
Kostragruppe 05	3,9 %	4,0 %	4,0 %	4,1 %

Kommentar: Det har vorte sagt at Fjaler kommune bruker mykje pengar på kultur. Viss ein samanliknar med kostragruppa så stemmer ikkje dette. Samtidig ser ein korleis tala vert påverka av forskottingar og tilbakebetalingar. 2020 -talet på kulturutgifter er stort fordi ein forskotterte og

betalte ut midlar til fotballhallen (Ser ut som vi brukte mykje på kultur). Forskotteringa vart betalt tilbake i 2022 (ser ut som vi brukte lite på kultur).

7 Andre nøkkeltal

8 Utfordringar framover

Integrering:

- få personar med kollektiv beskyttelse ut i arbeid
- språkpraksis – få alle ut i passande praksisplass
- få barn inn i skule og barnehage innan frist når dei kjem midt i skuleåret.
- oppstart av grunnskulen for vaksne: treng realkompetansevurdering og starte opp i den klassen dei passar inn i (G1,G2,G3)
- Hus etter 5 år butid: flytte ut av kommunale bustadar inn på det private marknaden
- Flyktingar mellom 15-18 år – dett mellom linjene (grunnskulen eller VGS?)
- Samarbeide meir og betre på tvers i kommunen

Drift av Samvirket:

Kva er ambisjonsnivået når det gjeld møteplass for ungdom. Vi har ikkje blitt tilført ekstra midlar knytt til dette. Har søkt midlar utan å få. Vi har eit ynskje om å jobbe meir med dette, men det ser ut som vi må hente inn eksterne midlar for å få det til. Vil søkje Bufdir hausten 2024. Vi trur at ein viktig faktor er ein trygg og stabil vaksenperson og vi vil søkje lønnsmidlar til denne.

Samtidig så er vi stolt og glad for at Samvirket no er ferdig pussa opp – og vårt inntrykk er at det er eit hus som fungerer som møteplass og som er attraktiv i bruke for mange grupper. Men huset må vidareutviklast og ein må ut potensialet som ligg i huset.

Frivilligstrategi:

Vi har ikkje hatt kapasitet til å lage denne i 2023. Vi vonar å få dette til hausten 2024 når frivilligkoordinator er tilbake (i 50% frå august 2024).

Idrett:

Som skrive i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal ein utarbeide ein driftsmodell for drift av kommunale anlegg. Det er nokre utfordringar knytt til mva og nokre knytt til bruk av frivillig engasjement og samtidig ha eit likt og kvalitetssikra tilbod. Vi har starta eit arbeid knytt til dette som vi håper å få ferdigstilt i 2024.

Næring:

Ein jobbar med ei framtidig organisering av næringsarbeidet til kommunen. Det er ein del andre saker som ikkje har nokon «heim» og som enten ikkje vert følgt opp eller vert følgt opp av kultur. Vi er glad for at det vert jobba med å finne ein framtidig organisering av næringsarbeidet slik at desse sakene vert følgt opp på ein betre måte.

Vi er ei fragmentert eining som jobbar opp mot ulike fagfelt. Vi trur likevel at vi kunne ha noko felles mål som ein kunne ha jobba opp mot – og slik skapt eit fellesskap på tvers.

Fokus på gode tenester knytt opp mot barn og unge – og meir bruk av frivillige er mellom anna noko ein kunne ha jobba med på tvers.